

Skal vi ikkje ta båten

Av Aslaug Låstad Lygre

- Skal vi ikkje ta båten i dag
og fara utpå og ro
Kjenn kor steinane dei er varme
og sjå kor stilt det er no -

- Skal vi ikkje ta båten
og ro berre utpå litt.
Å, de`r så mangt ein kan bruka ein båt til
når slik ein har sundagsfritt -

- Vi kunne dra ut til Måseholmen
og sanko oss perleskjel.
Mor seier det er for tidleg å lauga.
Vi gjer det full likevel -

- Og far seier det er for varmt til å fiska.
Han bit `kje i solskinsver.
Men du, vi tek med oss det nyaste snøret
no når `kje nokon ser -

-Skund deg - skund deg - alle er inne
og kviler, og far han søv.
Ho bestemor sa at det kanskje kjem uver.
Det er berre kjerringtøv -

-Hopp no ombord og ta ausefatet
og aus imedan eg ror
Det gjer ikkje noko at båten syg vatn -
Vi tek ikkje sokkar og skor -

- Å de `r så mangt ein kan hitta på
når sjøen er sval og blå
Det meste det har vi ikkje lov til
men - skunda deg, skuv ifrå -

*Diktet vart prenta i Det dagast i Noreg,
utgjevi av Norrønalaget Bragr i, 1981*

Høgnorskordlista på nettet

I 1997 prenta Norrønalaget Bragr opp att Norsk Ordliste av Lars Eskeland. Dei nye utgåvone var avprent av sette utgåva som kom i 1921. Upptaksmann til tiltaket var Lars Bjarne Marøy. I januar 2006 vart heile ordlista lagd ut på nettet. Arbeidet med innlysing og databaseutforming vart gjort av Lars-Toralf Storstrand, Olav Torheim og Eyvind Torheim. Ordlista er no fritt tilgjengeleg på høgnorskportalen sambandet.no:

<http://sambandet.no/ordlista>

I dette nummeret:

Lars-Toralf Storstrand:	Berre barnemat	s. 2
Lars Bjarne Marøy:	Ei svala gjer ingen sumar	s. 3
Kenneth Kiplesund:	Hans Nielsen Hauge i Hemne	s. 4
Lars Bjarne Marøy:	I skuggen av "Flommen"	s. 6
Lars Bjarne Marøy:	Ein flaum av kjenslor	s. 9
Kenneth Kiplesund:	Antisemittismen i Russland	s. 11
Thoralf Bergwitz:	Stadnamngranskaren Eivind Vågslid	s. 13
Olav Torheim:	Elektronikk i verdsromet	s. 14

Berre barnemat...

Av Lars-Toralf Storstrand

Romet var helst myrkt. Einast blåljuset frå dataskjermen gav eit kaldt, iskaldt gys i romet. Det var ikkje nok ljøs til å sjå alle bokstavane på tastaturet ein gong. Ikkje at det i seg sjølv utgjorde noko vande; Fredrik Håvard Nonnesæter visste vilkårslaust kvar på tastebrettet dei ulike tastane og teikni var, anten det no var med eller utan blokkklås eller aksentmerke.

Attmed skjermen stod eit glas med babyamat. Sørlandsgrøya med torsk og tomat frå Småfolk. Næringsrik nok for små bryddande spirer og turvande politikarar, og næringsrik nok for ein datahekkar.

For det var hekkar han var. I eldre dagar vilde dei kann henda heller kalla honom ein gauk, i den meiningi at han rota i reir der han i røyndi ikkje hadde noko å gjera. Men Fredrik Nonnesæter lagde ikkje egg i andre sine reir i den tydingi. Nei, han sneik seg forbi tryggingssystem på store datanetverk kring i verdi og lagde att eggi sine der. Alt som galdt datahekking var barnemat for Fredrik H, som det meste anna.

Det hadde byrja tidleg. Alt som 12-åring hadde han fenge sitt fyrste 14.4-modem, av typen Sportster frå US Robotics. Dette var på tidleg 90-tal då det framleides hadde sin pris å "ringja riks", for ikkje å segja utanlands, so då han oppdaga at det fanst måtar å sleppa undan telefonrekningi på, fekk han blod på tann.

Han bygde eigne blåboksar og beigeboksar då han var fjorten. Utan at foreldri var klår yver det, sat han seine nattetimar med loddebolt og småe diskrete transistorar og andre elektroniske duppedittar og laga seg ein millomlekk millom telefon, datamaskin og veggutaket. Takk vere ein tone på 2600 hertz kunde han koma seg gratis ut i heile den store verdi. Det som den gongen heitte Televerket kalla han svivyrdsleg for Teleherket.

I eigne augo hadde ikkje Fredrik nokon feil sjølv. For Fredrik H. var det å gjera feil synonymt med å verta teken - og å verta straffa for det. Vart ein ikkje teken, filosoferte han seg fram til, var det helder ingen feil å tala um. Det same galdt brotsverk.

Anonymt gjorde han det òg, og ved hjelp av ymse slags hjelpemidlar, mange sjølvproduserte (the Anarchist's Cookbook var ei uvurderleg bok). Umgrip som EBS, LEC, IXC, PSTN, POTS, PBX og CC var like ålmenne for Fredrik som mjølk og brød var for andre.

Som 16-åring hekka han seg inn i militære netverk, men til skilnad frå andre hekkarar lagde han ikkje att fleire far enn dei han kunde styra utanum, og gav aldri medvite melding um at han hadde vore der. Fredrik H, eller "dethefender" som han kalla seg ute i den store, vide verda var eit kjent namn - som det til ymse tider og på ymse stader knytte seg både mytar og redslor til.

Fredrik H. skeia ut med pære- og bananpuré og let den linne og lette smaken kvila på tunga fyre han atter rette upp stolryggen og vende seg mot tastebrettet og skjermen.

Andlitsdragi og hudfargen hans var bleike, nær sagt likbleike. Ei naturleg fylgja av eit liv der hudi mest einast vert opplyst av det blåkalde ljuset frå ein dataskjerm. Han vilde helst ikkje ganga meir ut enn naudsynt var. Og handla, det gjorde han på ei rad småbutikkar, og alltid på kveldstid. Han måtte det, for at ikkje matvanane hans skulde verta kjende - og han skulde verta til ålmenn lått og løjje.

Han var litt hårsår. Difor handla han alltid i smått, fire-fem glas her, og to-tri glas der. Og so nytta han stødt ryggsekk, for det vilde vera sers øydeleggjande å verta oppdaga med ein Rema-pose med barnemat i, han som korkje var gift eller hadde etterkomarar enno.

Han hadde i grunnen ikkje bruk for nokor kvinna hell. Kvende var berre til heft for evige ungarar. Han laut hava det litt rotut kring seg; utan at det dimed var rotut nok til at helserådet vilde protestera. Dessutan vilde kvende ha blommar og blomstrute gardinfag hengjande i vindaugo. For Fredrik H. hadde gardiner ein verknad: hindra folk i å sjå inn, og potteplantar var berre til for å skapa frisk luft i eit rom som elles var stint av karbondioksid og ozon, og som ikkje vart mindre godt å vera i - når ein rekna med all varmen som kom frå tri PC-ar og ei rad andre elektroniske apparat.

Sant sagt krinsa livet hans Fredrik Håvard Nonnesæter om ein ting, og ein ting åleine: Fredrik Håvard Nonnesæter.

Ja, og so var han til tider aktiv debattant i ei rad fora ute på den store heimsveven då. Her fekk han emosjonelt utlaup for all vande som samla seg upp, i skort på sosial innlevingsevna og frå sosial mistilmåting, tillærd gjennom ikkje so reint fæe år. Her fekk han aust ut frustrasjonane som flaska seg upp yver politikarar og andre menneske, same kor låghalte og uintelligente

og opprørske desse var. Sant sagt var majoriteten av menneski, same um dei var samde med dethefender eller ikkje, same um dei hadde sympatiar med Fredrik H. Nonnesæter eller ikkje, ikkje meir enn småkryp. "Hitler hadde i grunnen rett på sume omkverve," hende det at han tenkte med seg sjølv.

Det hende meiningsstykkja tok seg upp hjå honom, og då kunde nettene gå fort; ordi rann som sildrande bekker frå dei vrei-dyrde fingrane der dei dansa mot tastebrettet. I slike tilhøve bruka han gjerne å kalla seg med namn av eit lamb, men for at ingen skulde skyna det beinveges, valde han å skriva lamb på eit anna språk, anten græsk eller latin. Men dei fleste skyna at dette var ein person med svin på skogen korsom er, for det var ikkje vandt å kopla honom til Openberringsboki si nemning av det andre dyret, det som såg ut som eit lamb, men som tala som ein drake.

Når det galdt fridom kolliderte filosofien til Fredrik totalt med ålmenn forståing av umgripet. For honom var fridom total lausriving, nær sagt anarkistisk. I motsetnad til kva folk flest vilde tru hadde Fredrik H. eit innbarka hat mot alt som var "kriste" og "høgreorientert". Fridom låg i fridom frå lovverk, moral og konvensjonar. Fridom var slik laga at han laut tvingast på folk, serskilt dei som hadde ei onnor syn.

Fredrik H. kjende seg meir svoltet. Han poppa loket av eit glas med Grønsakgryte med Kylling og Kalkun, fyre han sjekka kontopplysning via netbanken. Det var mange fyremuner med å vera hekkar, til dømes fanst det alltid pengar tilgjengeleg - og han visste alltid kvar han kunde finna meir, utan at han under noko oms-tende var mistenkt for ureint spel. Og skulde han verta mistenkt; so var det berre å gjera nokre einfelde grip - so alle prov kvarv.

Og skulde det ganga for langt kunde han no slengja inn eitkvart klagemålet til einkvan rettsinstansen, det kosta ikkje so mykje at det gjorde noko - og målet var då berre å venda nosi åt styresmaktene sine blodhundar vekk frå seg sjølv lenge nok til at faret som eventuelt førde til honom sjølv vart for kaldt til å fylgja vidare...

-Gjev no katten i kva fylgjor det fær for andre, tenkte Fredrik H. Nonnesæter med seg sjølv. Ingen er viktugare for meg enn nett meg sjølv.

Ei svala gjer ingen sumar

Av Lars Bjarne Marøy

Finn Erik Vinje hev i mangt vore ei ein-sleg svala i norsk målpolitikk. Han er ikkje språkleg samlings mann. Han er ikkje særskilt umtykt i fagmiljø som arbeider med norskfaget. Han hev ikkje vore godt lika millom riksmålsfolki, med undantak for i sidemålsstriden. No er det derimot likt til at Riksmålsforbundet i form av "Det Norske Akademi for Sprog og Litteratur" hev teke Vinje inn i varmen. Vinje hev fenge gjeve ut eit lite skrift på 63 sidor pluss fotnotar, med Akademiet som utgjevar. Preses i Akademiet, Lars Roar Langslet, hev skrive fyreord.

Langslet er ein mann eg hev sans for, men det var knappast serleg smart å lata Vinje få gjeve ut dette skriftet under flagget til Akademiet. Det faglege innhaldet her er langt under standarden på sumt anna som hev kome frå same hald. Langslet hev dei beste intensjonar og meiner at skriftet berre skal vera "...et bidrag til avklaring av historiske fakta...". Skriftet skal ikkje vera "...et innspill for nye runder av polemikk om holdninger og hendelser som for de fleste idag er blitt fjern historie."

Eg må diverre segja at Vinje ikkje eignar seg som historikar. Han freistar millom anna å stydja seg til religionshistorikaren Terje Emberland, men han prøver einast å taka Emberland til inntekt for egne fordomar. Han nyttar ordleggingi "omtrent det samme" som mantra når han skal gjera subjektive samanlikningar. Han blandar fylgjerett saman umgrepet høinorsk under naziststyret og høgnorsk slik nemningi hev vore nytta millom målfolk fyre, etter og under 2. heimskrigen.

Lat oss sjå på nokre kritikkverdige ting kvar for seg:

Innleidingi til Vinje er å gjera ei manning millom målsynet til Halvdan Koht og språkbruken åt tyske nazistar. Koht ynskjer at folket skal få "ei levande samkjensle" eller "ei nasjonalånd". C.J. Hambro skal vera opphavsmannen til ei slik samanlikning. Me fær sitat frå kva Hambro hev sagt til eit innlegg Koht hev halde i Stortinget, men Vinje hev ikkje sett seg inn i kva Koht sa i innlegget sitt. Han byrjar derimot å spekulera vidare på kva Hambro hev tenkt på og på kva målpolitisk ståstad Koht hadde. Han avsluttar innleidingi med å syna til at tankane åt historikarane Halvdan Koht og Arne Bergsgård var grunnlaget for den sam-

norskpolitikken som fyrst vart formelt avskipa med ei fyrehaving i Stortinget 1. april 2004.

Koplingi millom samnorsken og NS er på sin plass. Det kann for so vidt vera greidt nok å meina at samnorskpolitikken bygde på eit udemokratisk grunnlag, men elles må ein segja at Vinje innleider ei slags mistenkjeleggjing av målfolk.

Vinje gjeng dinest vidare til å sanna rangskrivningane til Langslet i Riksmåls saga. Han hev merkt seg at Kjørtan Fløgstad meiner at ingen av dei norske toppnazistane var målfolk. Vinje slær utan vidare grunngeving fast at dei var heller ikkje organiserte riksmålfolk. Vinje lyt likevel medgjeva at riksmålfolk let seg nemna ut til å sitja i ei rettskrivingsnemnd som var peika ut av naziststyret.

Vinje gjeng also inn på ein diskusjon eller ei påvising av kven som hadde flest brotne kar. Han freistar å teikna eit bilete av målfolk som hadde suksess under krigen. Quisling var ikkje målhatar, men målvenleg, til liks med Gulbrand Lunde som var kulturminister under naziststyret. I utgangspunktet nyttar Vinje berre ei kjelde på dette, Arne Falk, og det er berre munnlege lovnader til nynorsken som skal ha kome. Realitetane er noko anna.

Vinje slær fast at Lunde ynskte "ett høinorsk høvisk mål". Lunde vilde ha eitt språk, men han skreiv bokmål. Vinje hengjer seg upp i at Lunde neitta å bøygia av for nokre norvagsmar i bokmålet, men i hovudsak lyt ein segja klårt at bokmålsrettskrivingi gjekk i konservativ leid og ikkje i nokor samnorsk leid, um enn riksmålsfolki kunde ha ynskt å få meir med seg i rett leid.

Vinje peikar på at minister Lunde hadde som mål at ein skulde vera kvitt "alt det stygge som skjemet rettskrivingen av 1938..." Her legg Vinje fram eit polemisk utfall som sporar heilt av. Vinje hev einast synt til brigde i bokmålet, men so gjev han seg til å umtala kva nynorskfolk hadde sagt um brigde i nynorsken: "Med "det stygge" mente Lunde omtrent det samme som de høgnorsk målmennene siktet til med betegnelsen "flatnorsk"... (Vinje s. 15) Og Vinje held fram med glansordi sine "omtrent det samme". Når landet skulde samlast språkleg, laut det skje på ekte nasjonal grunn (nynorsk). Lunde lika best å tala um gamalnorsk som lydde betre for honom, slær Vinje fast, men

Til siste sida...

Målmannen

Utgjevar:

Samorganet Målmannen

Tilskrift:

Målmannen
Natland stud. by S136
5081 Bergen

Bladstyarar:

Olav Torheim
olaveth@start.no
Tlf 55 28 23 70
Mobil 99 15 64 28

Netstad:

<http://maalmannen.sambandet.no>

Bladpengar kr 150,-

Bankgiro 2291 14 45666

Målmannen fylgjer redaktørplakaten.

Gåvelista

Sidan sist hev Målmannen fenge gåvor frå desse tingarane:

Norsk Israelsenter, 2500 kr, Jostein Krokvik, Fiskåbygd, 400 kr, Herman Ranes, Trondheim, 350 kr, John Marhaug, Fyllingsdalen, 200 kr, Laurits Killingbergtrø, Oslo, 200 kr, Kåre Flokenes, Stavanger, 200 kr, Edith Bøe, Hasselvika, 172 kr, Anna Sunniva Bjordal, Melhus, 150 kr, Magne Myhren, Oslo, 150 kr, Dag Gundersen, Oslo, 150 kr, Arnold Lund, Sandnes, 150 kr, Jan Eivind Braatlund, Bjorbekk, 150 kr, Robert K. Anderson, Hovin, 150 kr, Christen Krogvig, Oslo, 100 kr, Frode Ringheim, Mo i Rana, 100 kr, Johan Hendrik W. Poulsen, Færøyane, 100 kr, Thor Helge Langsholt, Oslo, 100 kr, Karl Hoff, Ørje, 50 kr, John Kibsgaard, Fiskarstrand, 50 kr, John Ole Askedal, Oslo, 50 kr, Magne Myhra, Voss, 50 kr, Thoralf Bergwitz, Arendal, 50 kr, Tormod Ropeid, Askim, 50 kr, Asbjørn Roaldset, Oslo, 50 kr, Bjarne Målsnes, Kokstad, 50 kr, Magnhild Lavik Marøy, Bergen, 50 kr, Einfrid Perstølen, Asker, 50 kr.

I alt 5822 kr. Hjartans takk for gåvone!

**Målmannen treng gåvor,
skal bladet tryggast.**

Hans Nielsen Hauge i Hemne

Av Kenneth Kiplesund

Innleiing

Dette stykket er ei nedstytt utgåva av ei oppgåva som eg skreiv i 2005, medan eg studera ved Høgskulen i Volda.

Artikkelen tek fyre seg Hans Nielsen Hauge si verksemd i Hemne kommune i Sud-Trøndelag.

Stutt um H. N. Hauge

Hans Nielsen Hauge vart fødd på Rolvsøy i Østfold i 1771. Han voks opp i ein heim som var merkt av from pietistisme. Husandakt med bøn, salmesong og postillelesing var vanleg kost heime hjå huslyden Hauge.

I 1796 opplivde Hauge det religiøse gjennombrøtet sitt. Han hadde ei heilt særskild åndsuppliving medan han arbeidde på åkeren heime i Rolvsøy (for fleire detaljar, sjå Thorvaldsen 1996). Denne opplevingi førde til at Hauge kjende seg kalla av Gud til å forkynna den kristne bodskapen. Han byrja difor å reisa ikring i Noreg med dette for auga. Men då han gjorde dette, braut den unge mannen Konventikkelplakaten.

Konventikkelplakaten var ei lov som i grove drag einast gav prestane lov til å driva forkynning. Styresmaktene og store luter av presteskapen såg med stor uro på at ein ulærd bonde skulde ganga ikring i landet og forkynna. Dette var nok serleg for skuld den ramsalte kritikken som Hauge rette mot prestane. Hauge refsa prestane av di dei forkynte ei rasjonalistisk, daud gudstru som ikkje gav seg utslag i noko nytt liv til teneste for Gud og nesten.

Hauge vart fengsla etter måten mange gonger for verksemd si. Det lengste fengselsuppheldet fekk han i Kristiania, her sat han frå 1804 til 1813. Dette opphaldet knekte helsa hans. Det heile enda med at han vart dømd til å svara ei bot. Etter at han vart sett fri, busette han seg på garden Bredtvedt i Kristiania. Her livde han eit stilt, attendedrege liv til dess han døydde i 1824.

Hauge i Hemne

"Hauge-rørsla fekk overlag mykje å seie for det religiøse livet i Hemne, ja for heile folkelivet i bygda utetter det nittande hundreåret (...). Med noko rett kan ein seie at Hemne vart Haugianar-bygda framom andre bygder i Trøndelag." (Sødal 1968: 68).

Hans Nielsen Hauge var tvo gonger i



Hemne, i 1802 og 1803. Det er den fyrste reisa hans me veit mest um.

I 1802 kom Hauge gangande yver fjellet frå Lensvik og ned til Snillfjord. Han tok inn på garden Snildal, og var med folket der til Hemne kyrkje. Etter gudstenesta tala han med og forkynte for folket som hadde samla seg på kyrkjebakken. Mange vart gripne av preika hans, men det var og dei som spotta, eller dei arga seg yver at ein ulærd bonde gav seg til å læra folket frå Guds ord. Av dei siste var ein skulemeister med namnet Hans Isaksen. Han "ropa ut over folkhoppen: "Såminsant, di som e presta, di må rop' høgt, dem gje sæ ut for presta, å dem kann ittje katkjeseboka". Då er det fortalt at Hauge gjekk burt til skulemeisteren og tala med honom: "Si meg De som jeg hører er skoleholder, hvorfor har Gud lagt forgyttelsen til det fjerde bud og ikke til de tre første?". (Sødal 1968: 69). Isaksen kunde ikkje svara på dette, og sagde ikkje meir.

På ettermiddagen same dag tala Hauge for ei stor folkemengd på Kyrksæterøra, sentrum i Hemne. Denne tala greip folket sterkt, og mange hemnværingar vart nok med i Hauge-vekkjingi frå denne dagen av. Det er likt til at Hans Isaksen var millom dei, han med. Etter å ha høyrte tala, sagde han: "Guds Ånd må tale gjennom dette Menneskje" (Sødal 1968: 69). Hauge skal dessutan ha rettleidd folk i jordbruksarbeid og laga ein plog medan han var i Hemne.

Det er tydeleg at Hauge gjorde sterkt inntrykk på folket i Hemne, etter folketradisjonen heldt han seg der eit halvt år. Dette er mykje yverdrive, truleg var han i Hemne i um lag tvo vikor. Men mange hemnværingar vart tydelegvis vekte til ei livande kristentru under dette stutte

upphaldet. Dette kann me sjå i eit dagboknotat frå embetsmannen Christian Pram i 1804: "I samtlige søbygder, men iser i Hevne, havde sværmeren Hans Hagues prædiger skaffet sekten så mange proselyter, at nesten hele Hevnes befolkning hørte dertil." (Sitera etter Orten 2000: 345).

Haugianarane i Hemne heldt uppe kontakten med Hauge gjennom brevskriving. Elias Hansen Heimsjø og Erik Olsen Holden gjekk jamvel heilt til Bredtvedt for å få råd og helsingar frå Hauge til veneflokken i Hemne. Desse tvo fungera som preikarar med, både i Hemne og andre stader. Dessutan var den kjende predikanten Elling Eielsen på vitjing Hemne i 1830-åri.

Haugiansk påverknad på bygdesamfundet

Si største markering gjorde nok haugianarane under den sokalla "Hevnestrident" i 1866. Denne strident vart uttala i dei fleste teologiske bladi som fanst i Noreg på denne tidi.

Soknepresten i Hemne, Johan Ernst Gunnerus, meinte han skulde få haugianarane under kyrkjeleg kontroll. Han var grundtvigianar, og var nok difor inderleg imot den pietistiske formi for kristendom som haugianarane hadde. For å få inn eit lysare livssyn, byrja Gunnerus å halda gudstenestor i bae kyrkjone i Hemne same dagen, i den eine kyrkja um fyremiddagen og i hi um ettermiddagen. Dette gjorde han for at haugianarane ikkje skulde få påskot til å halda samlingar. Men etter ein månad kom det honom for øyra at ein av dei leidande haugianarane, Daniel Strøm Lossius, likevel hadde halde samling ein sundag fyremiddag. Presten vart rasande, og skreiv til Lossius at dersom han ville halda fram med slike samlingar, "er De saa god at komme hen til mig, for at jeg kan faa anledning til at prøve Deres kristelige oppfattelse og indsigter" (Sødal 1968: 79). Presten gav ogso klår melding um at haugianar-leidaren laut melda frå kva tid han skulde halda samlingar, slik at prestens fekk høve til å kontrollera honom. På denne måten fekk Gunnerus store lutar av kristenfolket imot seg. Ei yverstyring av eit slikt slag fall deim tungt for bringa. Etter at Konventikkelplakaten var opphevja i 1842, hadde prestens helder ikkje løyve til slikt.

Det verste for haugianarane var likevel at dei meinte Gunnerus forfalska dåpsritualet. Etter altarboki skulde den tredje dåpsartikkelen lesast slik: "*Tror Du på den Helligånd, en hellig, kristelig kirke at være, som er hellige Menneskers Samfund, Syndernes Forladelse, Legemets Opstandelse og efter Døden det evige liv?*"

Men Gunnerus las den tredje artikkelen slik: "*Tror Du på den Helligånd, den hellige, almindelige Kirke, de Helliges Samfund, Syndernes Forladelse, Kjødets Opstandelse og det evige Liv?*"

Haugianarane meinte dette var ranglæra. Dette kivet kunde få etter måten krasse utslag, noko denne episoden viser: Berit Sagen, kona til den kjende haugianaren Erik Sagen, "skulle bera eit barn til dåpen. Ho stod på kyrkjegolvet med barnet, og presten las ritualet - slik han ville ha det. Så spør han: "Vil du at barnet skal døpes på denne tro?" "Nei", seier ho Berit (...). Det blir stor røre mellom folk, og presten er sint og brukar harde ord. Men ho Berit snur og går ut av kyrkja med barnet." (Sødal 1968: 79-80). Det heile enda med at Gunnerus laut reisa frå Hemne i 1872, etter at det var sendt inn mange klagor på honom.

Det haugianske synet gjorde seg gjeldande i meir kvar dagsleige ting med. Haugianarane såg på dansing, felespel, kortspel og pynt som synd.

Det er fortalt um ei gjenta som sat og sauma på bruserken sin. Mor var heilhart haugianar, og gav dotter si streng melding om korleides serken skulld vera. Gjenta kunde få brodere på honom, men det skulde ikkje vera kniplingar. Det var "forfengjeleg". Men gjenta vilde hava kniplingar, og lura seg bak fjøset og knipla medan mor kvilde middag.

Det er ei forteljing um ein tenestegut med, som var kjend som ein dugande spelemann. Han vart umvend, og ein kveld kom han inn til dei han tente hjå med fiolinen sin. Han vilde brenna honom. Dei freista å få honom frå det, men guten lagde fela på elden. Sidan spela han aldri meir. Folkemusikken i Hemne fekk ein knekk, og det er mykje mindre folkemusikk som er uppskrive i Hemne, enn i granneheradet Aure (som ikkje fekk eit stort haugiansk miljø).

Men alle vart ikkje med i vekkjingi. Sume gjorde aktivt motstand mot det pietistiske livssynet åt haugianarane. Det er fortalt at ein kar bruka å møta opp på haugianar-tilskipingane berre for å synge grovkorna visor. Det hende òg at unge

hemnværingar samlast um sundagane og dansa midt i kyrkjetidi. Men sopass age hadde dei, at dei ikkje torde å dansa når kyrkjefararane kom heim att. Difor hadde dei ein til å halda utkik.

Det vart jamvel eit skifte i skikkane når det galdt brudlaup og gravøl. Fyre haugianismen gjorde inntoget sitt i Hemne, kunde det ganga vilt fyre seg med drykk og dans på slike tilskipingar. Men frå midten av hundradåret er det likt til at det vart slutt med dans i gravøl, og at det vart mindre med drykk.

Noko anna som haugianarane i Hemne kann "skuldast for", er upptak til misjonsforeiningar. Då Hevne Missionsforening vart skipa i 1855, var det berre haugianarar med i styret. Denne foreiningi høyrde til samskipnaden Det Norske misjonsselskap, som vart skipa i 1842. Um lag 100 personar melde seg inn straks. Eit halvt år etter var 160 personar tilmelde. Av desse var det 12 kvende. Serleg mange var kvinnone ikkje, men dei fekk vere med. Den retten hadde ikkje kvinnone i grannebygdene Meldal og Rindal.

Skriftlege kjeldor

Aune, Kolbjørn (1979): Hemneboka, band 2 Orkdal: Bygdeboknemndi for Hemne prestegjeld

Aune, Kolbjørn (2005): Tradisjonskalender 2005 for Hemne og Snillfjord Kyrksæterøra: Hemne Bygdemuseum

Caplex (?): Hauge, Hans Nielsen, <http://www.caplex.net/Web/Article-View.aspx?id=9314026>

Mo, Per J. (1948): Religiøse brytingar i Hemne på 1800-talet. I: Årsskrift for Fosen historielag 1948

Orten, Per Eilert (2000): Den nye dagen gryr. Bygdabok for Aure 1800 - 1900 Aure: Aure kommune

Steinnes, Dagfinn (2005 ?): Slik ble misjonsbevegelsen i Norge til, <http://www.nms.no/portal/tjeneste.nsf/.view/ShowWeb/B40C6891F9D24F8FC1256DF00049FEE3?Open>

Sødal, Henrik (1968): Hans Nielsen Hauge og lesarane i Hemne I: Årbok for Fosen 1968

Thorvaldsen, Steinar (1996): Visjonen bak plogspissen, http://www.hitos.no/fou_pub/kristendom/hauge.htm

Munnlege kjeldor

Kolbjørn Aune, Per Eilert Orten og Jørgen Høgetveit

Lovord til Målmannen

Etter tri års pause er Målmannen attende med Dvergemalet - spalta der lesarane sjølve skriv. Ordet dvergemål tyder "ekko" og me tykkjer det høver godt som avløyning for det utlenske "feedback". Fyrst ute er Inge Simon Thorbjørnsen, nyrekruttert tingar frå Oslo:

«Jeg fikk et eksemplar (1/06) av bladet deres hos Rachel Suissa, og ble begeistret. Jeg tilhører nok dem som dere omtaler på forsiden, som ikke gir en sur sild for nynorsken, men som kunne like det skikkelige og karakterrike målet til Aasen og Vinje. Min erfaring med nynorskundervisning på skolen ("artium" i -80), ga ikke mersmak. Min oppfatning etter dette var som du skriver på side 2, at man støtt måtte slå opp i ordlisten for å finne ut av hva som var riktig skrivemåte.

Det var ikke på noe vis mulig å lære en flytende og naturlig språkføring med den normen som lå til grunn for vår undervisning. Da er det forfriskende å se et slikt "konservativt" språk som dere fører. Det kan man forholde seg til.

Deretter ble jeg begeistret over å se at dere hadde en meget god artikkel om Hamas. Få, om noen, utenfor den engere krets av Israelsvenner, sier noe vettugt om dem, og deres åndsfrønder. Vel talt.

Til slutt runder dere av med et sitat av Ayn Rand som sluttordet. Det gir 10 strake poeng i min bok.»

Elles hev Jørgen Vogt frå Oslo lagt inn ei språkleg oppmoding i meldingsfeltet på bladpengegiroen:

«Nytt tidsetjing og telelâm i staden for *timing* og *tele-markkøyring!*»

Dvergemålet

I skuggen av "flommen"

Av Lars Bjarne Marøy

Jonny Halberg er ein av dei mest umtala forfattarane i samtidi. Halberg debuterte i 1989, då var han 27 år gamal. Han hadde fyrst prøvt seg som lyrikar, men fekk ikkje gjeve ut nokor lyrikksamling. Det var novellen som fekk forlaget til å få augo opp for forfattaren. Novellene er fyndige og hev serhått. Seinare hev Halberg freista seg som manusskribent saman med Pål Slettaune. Dei tvo hev havt lukka med filmene "Budbringeren" og "Amatørene". Men det var romanen "Flommen" som verkeleg fekk Halberg til å slå igjennom som forfattar. Boki vekte stor åtgau. Romanane "Trass" og "Gå til fjellet" hev vorte sette i samband med "Flommen", og det hev vorte vanlegt å umtala dei tri bøkene som ein trilogi. Endå Flommen-trilogien hev vorte mykje umtala, hev eg fest meg sterkt til filmene og boki "En uskyldig tid" med.

"Budbringeren"

Budbringeren gjekk på kino på slutten av 1990-talet. Filmen hev enno ikkje kome på DVD. Han ligg einast fyre i gamalt VHS-format. Filmen skildrar livet til ein noko mislukka postmann som vert nedslegen på jobben. Det skjer lite spanande i livet hans og kollegaene tergar honom. Han vert fascinert av ei tunghøyrd gjenta og lurar seg inn til henne etter at ho hev gløymt att lykjelen i postboksen. Medan han er heime hjå henne, kjem ho heim og freistar å taka livet av seg. Han bergar henne og fær henne til sjukehus.

Når dama er på sjukehus, inviterar han med seg ei hora inn i husværet hennar. Medan postmannen var åleine i husværet til gjenta, ringde ein sint mann som heitte Georg. Postmannen umtalar seg sjølv som Georg til hora. Hora tek seg til rette i husværet. Det fær postmannen til å verta sint, og han jagar henne på dør. Ho trugar honom med hemn.

Det syner seg at den tunghøyrde gjenta hev vore med på å lagra eit ransutbyte, når postmannen stikk av med nokre av pengane skapar dette forviklingar. Det heldige er at når Georg vil ha orden i sakene, kjem hora etter med tvo torpedoar. Dei bankar Georg, og postmannen og dama stikk av med ein møyrbanka Georg på slep. Det heile endar med at Georg vert slept burt til ein gøymestad av postmannen. Gjenta stikk av frå postmannen. Han fylgjer henne, men ho vil ikkje vita av honom av di ho hev funne ut at han hev lura seg inn

til henne, medan ho var ute. Enden er uviss. Vert/er ho forelska i honom eller vil ho berre verta kvitt honom? Alle handlingstrådane vert ikkje knytte skikkeleg saman.

Det er likevel rimeleg å rekna postmannen for den mest dynamiske personen i filmen. Frå å vera ein nokso tafatt og varsam person som freistar å løyna seg når han fær nærgående spørsmål um privatlivet, byrjar det verkeleg å skjota fart etter nedslåingi på postruta og etter at han lurar seg inn i husværet til gjenta. Dette er tydelege vendepunkt. Dei hine personane verkar meir statiske og vert berre skildra på yta.

Undantaket er gjenta som me fær vita litt um. Me fær inntrykk av at ho hev havt eit ordna liv som reinsidermedarbeidar, men at ho òg hev havt eit liv på skråplanet i tilknytning til det ransutbytet som ho hev havt liggjande heime. Ho må ha havt ei personleg krise, ho med, som gjer at ho freistar å taka livet av seg, men i det store og det heile er det vanskeleg å segja anna enn at ho er ein litt mystisk karakter.

Synsvinkelen ligg fast på postmannen, og me fær sympati for honom, jamvel um sympatien sumtid vert fylt med skepsis. Vil han verkeleg kunna venda attende til jobben som postmann, etter at han hev rota burt ein masse post? Sumtid verkar han både viljeveik og røute, men på slutten hev han nokre gonger evna til å skjera igjennom. Når Georg er på jakt etter gjenta med ransutbytet, verkar han sumtid sers resolutt og handlekraftig. Han syner seg som litt av ein luring når han umtalar seg sjølv som Georg til hora.

Miljøet er eit typisk Oslo-miljø. Hovudpersonen hev i starten mest kontakt med folki på jobben, og det er dei som utgjer det tettaste netverket hans, men med kvart fær han kontakt med eit nytt nettverk som ikkje er like trygt og solid. Heile tidi hev me ein tokke av at hovudpersonen er eit bymenneske som kjenner bylivet, sjargongen og umgangsformi godt, men som likevel kjenner seg framandgjord i høve til å finna sin eigen plass i dette miljøet. Han lyg og diktar upp ting, spelar truskuldig og lurar undan post utan at det ser ut til å spela nokor stor rolla for han. Stiltonen verkar litt grå og kaotisk. Det er eit typisk bymiljø der det er rik tilgang på personar og situasjonar som kann få ein til å skifta stemning nokso kjapt.

Motivet ser ut til å vera å taka fram ein godt vaksen ungkar og syna korleis han møter nye sidor ved livet. Han er på sett og

vis ein antihelt. Ein mann som vert nedslegen verkar ikkje serleg mandig. Postmannen vert likevel hylla for at han heldt fast på postveska og ikkje gav henne frå seg til yverfallsmennene. Men han avsannar straks at han var nokon helt når venene hans talar med honom. Eg heldt fast på veska av di eg ikkje greidde å sleppa henne, slær han fast og freistar å snu seg undan heile heltestatusen. Det er nesten som at han ikkje likar alt uppstusset. Det gjev honom størst status å bagatelisera det heile. Det ligg òg eit kjærleiksmotiv i filmen. Det er tydeleg at postmannen vert maktstolen av den tunghøyrde gjenta frå fyrste stund av. Han er forelska, og han skal finna ut av henne.

Temaet kann vera knytt til freistnaden på å få seg eit meiningsfullt liv når det skjer noko som gjer at dei daglege rutineane vert brotne. Kjørleiksmotivet fører tankane inn på at det er ein yvergang millom å vera åleine og å vera saman um livet. Når tvo skal leva saman fungerer det dårleg å ljuga og lura seg undan problem. Komplikasjonane rundt dei fortidige handlingane til gjenta fylgjer med henne, og postmannen rotar seg upp i nye forviklingar undervegs. Det er tydelegvis mykje å rydja upp i um dei tvo skal leva saman.

Bodskapen kann kanskje vera knytt til å finna ut kva ein vil med livet sitt, prøva seg fram og vinna nye sannkjenningar.

En uskyldig tid

"En uskyldig tid" er nok for mange kritikarar ei utypisk bok for Halberg. Dei hev vendt seg til og plassert Halberg inn i forteljingar frå bygde-Noreg der hovudpersonane er trauste verjesmenn for tradisjonelle sosialdemokratiske verdiar, noko som ikkje er upplagt, men som hev vorte ein etikett som hev vorte klistra til Halberg til liks med termen "skitten realisme". Medan "Flommen" vann kritikarane med storm og førde til at Halberg fekk Kriticarprisen, fekk "En uskyldig tid" ei meir blanda mottaking. Forfattaren lika ikkje umtala frå Øystein Rottum som kalla boki ein "røvarroman". Forfattaren lyt derimot medgjeva at han verkeleg tok ut heile registeret av fantasi og morosame påfunn då han skreiv boki, og forfattaren kann vel òg vera med på at komposisjonen kunde ha vore litt stramare, sume einskildståande hendingar heng i lause lufti.

Det som fær meg til å verta oppglødd for boki er at ho er ei typisk gutebok. I ei

tid då gutar vert oppmoda til å lesa fleire skjønnlitterære bøker, og då dei kvinnelege forfatarane tek grep um oss med store umskjenslor anten dei skriv romanar eller andre bøker, er det godt å ha ein forfatar som slett ikkje byggjer upp ein klam mur av umsut eller av innflokke intrigar. I "En uskyldig tid" er det konfrontasjonane og viljen til å taka sterke og klare oppgjerder som stend i sentrum. Dette er ei bok for dei som tenkjer på alt dei skulde eller kunde ha gjort. Det er ei bok for gutar og menn med store visjonar, men som samstundes vert tvinga attende til dei jordnære realitetane når dei møter sine yvermenn.

Boki tek til i Moss. Hovudpersonen, Jan, og dama hans, Julie, er kjende med eit anna par. På ein varm sumardag hev Jan samlægje med dama til vennen sin. Det skal visa seg å vera lagnadtungt når ho seinare vert umhender (gravid). Jan og Julie hev mist sonen David i ei trafikkulukka. Mannen attum ulukka er gamal og slapp undan. Dette plågar visst samlivet millom deim. Når Julie finn ut um sidespranget hans Jan, fortel ho at ho hev havt ein elskar yver lang tid. Den mystiske Rein Skåde sviv ikring hovudpersonen og Julie. Ein stad fær me vita at han ikkje stend i folkeregisteret, men elles vert det fortalt lite um honom i starten av boki.

Når mannen til Linn finn ut at Jan hev lege med henne, fer han yver til Jan og bankar honom upp. Jan vert liggjande sjuk i mange dagar etterpå. I denne tidi er det Rein Skåde som tek seg av honom. Det er òg Skåde som hjelper Jan med å verta kvitt fare til Julie. Faren er svært uppteken av Julie, og han hev vore viljug til å skaffa Jan ein god bustad og trygg jobb. Men Jan ynskjer ikkje det - han vil heller jobba på fabrikk.

Med kvart som Jan kviknar til, vaknar tanken på å finna att Julie. Spori leder honom i fyrste umgang til Danmark og København. Rein Skåde eggjar Jan til å realisera desse planane, endå det vert økonomiske startvanskar. Skåde viser seg etterkvart som ein profesjonell kjeltring som ikkje gjeng av vegen korkje for tjuvskap av pengar eller bilar. I København finn dei ut at Julie hev reist til Tsjekkia. Det fører deim til byen Dubi som ligg på grensa millom Tsjekkia og Tyskland.

Etter mykje leiting er det òg her Jan finn att Julie. Julie er prostituert, og Jan og Skåde er innum eit utal av horehus fyre det lukkast å spora upp Julie. Sumtid er Jan åleine i lange bolkar. Skåde er innblanda i eit mafianetverk gjennom den godt tilårskomne sjefen Herder. Herder tek seg

av Skåde, men Skåde hev ei blygsellaus framferd og hev lagt seg ut med andre av mafiafolki. Det gjer at Skåde heilt tydeleg er åt å missa kontrollen yver deim og dimed yver det som sikrar honom utkomet.

Det endar med at Skåde vert myrda medan Jan ser på. Jan sjølv vert teken til fange. Etter at han hev vorte grovt torturert, vert han funnen som eit mystisk psykiatrisk tilfelle med minnetap i Sveits. I millomtida hev Julie rømt og kome seg attende til Noreg. Her syner det seg at ho hev teke livet av mannen som køyrde ned David. Ho hamnar i fengsel, medan Jan vert utskreven frå psykiatrisk sjukehus. Jan fær seg jobb som hestepassar på sjukehuset. Der vil han vera til Julie kjem ut or fengselet.

Personskildringi er knytt til ein l. personforteljar, Jan. Jan kann vel tenkjast å vera i 30-åri. Han hev vore ute på skråplanet tidlegare. No hev han freista seg som kulturarbeidar utan å lukkast, og han ynskjer å leva eit einfelt og greidt liv, difor hev han ingenting i mot monotont arbeid som til dømes på golvet i ein fabrikk. Det er lett å få samhug for Jan. Han er eit menneske som hev slege seg til ro med det livet byd honom. Han verkar umtykt millom damone og er sers målretta når han set seg noko i hovudet. På same tid er han fylt med fleire mjuke sidor.

Han kjenner umsut for Skåde og tek seg av honom millom anna når Skåde vert for drjug på flaska og skeider totalt ut. Venskapen med Rein Skåde fær òg fram korleis han kann lata seg trollbinda av dei som er sterkare eller flinkare enn honom sjølv på ulike umkverve.

Ein lyt vel segja at Jan er ein nokso statistisk person gjennom boki. Det er vel like fullt eit vendepunkt då Jan vil reisa saman med Rein Skåde til utlandet på jakt etter Julie. Men me fær ein tokke av at det er noko som er fastlagt ut frå at hovudpersonen hev mange ulike disposisjonar i personlegdomen sin. Han kann snøgt skifta millom åndsarbeid og kroppsarbeid, millom å stikka seg burt på ein viljeveik måte eller stiga fram som den handlekraftige. Det er soleis mykje som er fast hjå Jan endå det vert nokre umskifte kring honom, men på eitt umkverve skjer det noko drastisk etter torturen frå mafianettverket til Skåde. Jan gjev slepp på alle personlege opplysningar. Det vert sagt um honom at han var det mest giruge menneske på personlege opplysningar som dokteren på det psykiatriske sjukehuset hadde kome ut for. Ikkje ein gong eit møte millom Jan og Julie gjev dei tilsette på sjukehuset svar på um Jan er den dei trur han er. Slik sèt kann ein

vel segja at turen hev sett varande merke hjå Jan. No hev han ikkje lyst til å gjeva seg til kjenne. Um han ikkje torer eller um det er sjølvpålagd tagnad, fær me ikkje vita. Hendingane millom torturen og den mystiske attendevendingi frå den kriminelle underverdi i Sveits kjem ikkje fram i boki. Her lyt ein lesa millom linone, men det er klårt at det hev skjett noko med Jan under fangenskapen og at dette på ein eller annan måte må ha sett uutslettelege spor. Slik sett må ein kannhenda konkludera med at Jan er ein dynamisk person, men han verkar ikkje som nokon lukkelegare person på slutten. Han verkar meir som ein herda person.

Fråstandet til Jan i sluttbolken er berrsynt og understrekar at dette er eit klimaks. I heile boki hev Jan fortalt si saga, men på slutten vert han berre skildra på ein ytre måte. Det verkar sers sterkt på lesaren som i realiteten ikkje ein gong kann vera viss på at det er Jan det vert fortalt um. Eg fær assosiasjonar til ein torturmetode som visstnok skal vera av dei meir makabre. Ein tek ein sekk yver hovudet på offeret, køyrer vedkomande til ein stad der det er audt og gjev seg til å skjota upp i lufti. Offeret kann ikkje vera viss på at det ikkje vert treft kva tid som helst og vert heilt ørvæn. Avslutningi av eg-forteljningi med at forteljaren ligg basta og bunden i ein myrk kjellar og yvergangen til ytre skildring set forteljningi inn i eit fint relieff. Det syner oss at han ikkje orkar å fortelja lenger. Evna til å fortelja um det som skjer med honom sjølv vert heilt burte, kannhenda jamvel minnet um det som hev vorte fortalt. Det er eit drastisk oppbrot og ein sers tydeleg slutt. Det syner at forfattaren hev ei god evna til å disponera forteljningi.

Rein Skåde spelar ei litt perifer rolla i byrjingi av romanen, men han vert meir sentral utyver i boki. Men alt i starten er hovudpersonen uppteken av kven Skåde er. Han fylgjer etter honom og oppdagat at han bur i eit hus som er falleferdig. Han finn ut at Skåde ikkje er registrert i folkeregisteret. Me fær òg eit inntrykk av Skåde avdi hovudpersonen segjer at han ikkje bryr seg med kva Skåde driv med. Heile tidi nyttar forfattaren ei ytre skildring av Skåde. Me fær kjennskap til Skåde gjennom tankane åt hovudpersonen og gjennom korleis Skåde fortel og måten han fer fram på. Mot slutten fær me òg høyra kva "Herder", sjefen i mafianettverket, meiner um Skåde. Til slutt fortel Skåde um kvifor det er folk etter han som skal taka honom. Um hovudpersonen vert nøgd med denne forklaringi er ikkje heilt visst. Skåde

er ein samansett karakter. Med dei mange fylleorgiane sine og den kyniske haldningi si til alt som tener honom sjølv, fær me ikkje utan vidare noko sympatisk inntrykk. Det beste ein kunde segja um Skåde er vel at han hev stor umtanke for Jan. Men med kvart kjem me i tvil um dette òg. Me veit ikkje for vel kvifor han vil reisa frå Noreg, men når han fyrst kjem nedover på kontinentet verkar det som at han hev etter måten mange gjeremål som tek honom burt frå Jan. Ein kunde kann henda tala um ei utvikling frå å verta oppfatta som sympatisk til å verta meir mangtydig og jamvel egoistisk.

Julie er nok den mest interessante personen. Serleg sidan ho ikkje vert umtala noko serleg etter at ho forlet hovudpersonen. For hovudpersonen verkar manisk uppteken av å finna henne att. Det er noko som bind honom til henne. Ho vert derimot framsteld som ein meir sjølvstendig og sterk person. I eit attendeblick skildrar Jan korleis den gravide Julie skjer yver strupen på eit halvdaudt dyr som hev vorte påkøyr. Det hev gjort eit uutsletteleg inntrykk på Jan, og han kjenner at han ligg under for Julie på dette umkvervet.

Det hev vore ein konflikt millom Jan og faren av di Julie er ei vestkantgjenta som hev forelska seg i Jan. Faren til Julie er rik, medan Jan og Julie lyt brødfø seg som best dei kann. Julie hev stukke av mange gonger både då ho var unggjenta og budde heime og etter at ho kom saman med Jan.

Forfattaren sparar på årsaki til at Julie forlet Jan heilt til slutt. Årsaki kunde vera so einfeldt at ho forlet Jan av di ho var ferdug med honom etter at han hadde vore utru. Det verkar òg slik i Tsjekkia. Då Julie fyrst møter att Jan, freistar ho å snakka seg burt frå han. Ho talar tysk med aust-europeisk-aksent og nektar å skyna Jan når han talar norsk til henne. Men ho smeltar til slutt, og ho rømer til slutt attende til Noreg.

Det me ikkje fær vita er at det er eit mord som hev ført Julie på flukt til utlandet. Det fær oss til å tenkja yver um det var slik at Julie måtte taka ei oppgjer med fortidi når ho fær vita at Jan hev sett barn på veninna hennar. Det er under alle umstende noko byrgt og ærerikt, men samstundes sjølvpinande yver Julie. Med det utgangspunktet ho hev, skulde ho ikkje trenga å ha nokon økonomiske vanskar. Det er soleis ikkje pengeproblem som leider henne inn i prostitusjonen frå fyrst av. Det verkar meir som ei slags soning og ein måte å koma seg undan det offisielle systemet på. Det er neppe nokon frå politiet som vil venta å finna ei norsk kvinna som

prostituert i Tsjekkia, slik sett er påfunnet slett ikkje so dumt.

Miljøet i romanen endrar seg ein del undervegs. Innleidingsvis er det småbylivet i Moss som merkjer framstillingi. Me kjenner oss godt att i Oslo og København, baa stadene vert skildra mest forbigåande. Når me kjem til Sentral-Europa, gjeng me inn i eit meir lugubert kringvære. Stemningi på dei ulike bordelli som Jan og Rein Skåde vitjar er ålvorleg. Her er me inne i ei verd der pengar og umsetnad er yverordna, og kvinnone hev sin pris. Rein ser ut til å kosa seg på bordelli, medan Jan ikkje hev eit einaste samlæge under heile turen.

Som ein kontrast til det hardbarka kringværet møter me i stutte tilbakeglimt skildringar av norsk natur både innleidingsvis og seinare i romanen. Jan likar å ferdast i naturen, til dømes på fising, og hev mykje å fortelja frå slike turar. Faktisk hadde han planlagt ei veks fisketur fyre han vart banka upp og vart sengjeliggjande. Det er fyrst då at Rein Skåde fær Jan med på at dei lyt reisa etter Julie. Kontrasten millom det sutalause livet i norsk natur og møtet med det ukjende utlandet vert på sett og vis eit oppbrot for Jan. Han gjeng frå å vera i eit viljeveikt tilstand til å koma yver i eit anna handlingsmodus, eit målretta handlingsmodus.

Stiltonen verkar spent. Frå starten av er det noko mystisk med Rein Skåde. Me anar uråd. Det same gjer me med hovudpersonen. Han hev tydelegvis nokre myrke instinkt, og han hev tydt til vald og vore ute på skrålplanet tidlegare. Rein Skåde er ei tikkande bomba - mange gonger og serleg på slutten byrjar det å tikka kraftig. Jan må få plassert Skåde på ei hytta utanfor den landsbyen dei er, medan han sjølv greider upp i nokre praktiske ærend. Då Jan kjem attende, fær han sjå at Rein Skåde på brutalt og nådelaut vis vert avretta, og når han gjeng attende til bilen, vert han sjølv burtford. Dinest fær me vita at Jan hev lege basta og bunden i ein kjellar i dagesvis, og det er det siste me fær vita frå 1. personforteljaren.

Eit motiv ein kann finna i boki er eit ulukkeleg par som hev mist eit barn og som baa vert utrugne. På sett og vis lyt ein kannhenda kunna segja at det er den mystiske Skåde som fær Jan på fote og som samlar deim att. Det er ikkje usannsynleg at Jan vilde ha stukke seg undan og ikkje tenkt meir på Julie. Julie vilde truleg ha vorte fanga i prostitusjonen i Tsjekkia. Men den mystiske Skåde, med sitt pågangsmot og sine kontaktar, er med på å spora Jan til

å leita upp Julie. Til slutt finn dei einannan. Soningstidi på sju år verkar symbolsk. Jan skal arbeida i stallen på sjukehuset, medan Julie skal sitja i fengsel. Det verkar som at dei vil finna einannan etterpå. Det er sjølv sagt at dei då vil ha lagt attum seg mange prøvingar og at kjærleiken millom dei må vera sterk. Slik sett handlar kann henda denne romanen um kjærleik. Eit klassisk kjærleikmotiv kann i alle fall ikkje avvistas.

Men teksten lyt òg kunna lesast med fleire undertonar, og han tek upp mange ulike tema. Sex-industrien i Nord-Noreg hev me høyrte mykje um, men inngåande skildringar av liknande tilstandar i Sentral-Europa er absolutt eit tema som burde engasjera. Sex-industrien er ein av dei største illegale verksemder i verdi. Jan vert ståande litt smånaiv uppe i det heile, endå han med kvart vert ein driven bordell-gjen-gar.

Utruskar er ikkje noko nytt tema, men me slepp ikkje undan i denne boki heller. Det er likevel noko meir med dette enn berre utruskapan. Julie hev vore utru yver ein lang periode. Det eine samlægjet hans Jan er snaudt noko stort yvertramp, men det fær store fylgjor med graviditeten. Det er soleis eit spursmål um ikkje utruskapan på sett og vis vert uløyseleg knytt til etterverknaden av trafikkdødsfallet som Jan og Julie hev upplevt. Jan vitjar mannen som køyrde yver sonen, og Julie drep honom.

Nettverk av menneske som driv ljossky verksemd vert i grunnen ikkje noko tema, av di Rein Skåde er so mystisk. Me fær eigenleg aldri vita kva han driv på med, men det er i alle fall klårt at det i ein viss mun er tala um politisk verksemd. Organisasjonen hans Skåde hev millom anna til mål å infiltrera MacDonald-kjeda. Dei skal planta arbeidstakarar der som skal forgifta maten til kundar frå nettverket når dei kjem forbi, so skal dei pressa kjeda til å få eit dårleg gjetord. Den politiske verksemd i til nettverket kann ikkje tonast fram som noko sentralt tema, meir som noko underliggjande, måhenda eit sidetema.

Det verkar som ein litt banal bodskap å segja at kjærleiken yvervinn alt, men det er i alle fall den mest endeframme måten å lesa boki på. Ein annan banal måte å lesa boki på er å segja at brotsverk fører til straff. Jan rotar seg burt i tvilsame affærar og lyt taka fylgjone av det. Julie må sona i fengsel for eit brotsverk. Skal ein ganga noko djupare til verks kann ein segja at verknadene av å missa eit barn er so store at det krevst umåtelege lidningar for å bota på den skaden det påfører foreldri.

Ein flaum av kjenslor

Av Lars Bjarne Marøy

Kva er det som hev gjort "Flommen" til Jonny Halbergs mest umtykte roman, og ein lykjelroman for dei som vil forstå seg på forfattarskapen til Halberg? Dette spørsmålet slo meg då eg byrja å lesa boki. Det var klart for meg at utan å ha lese denne boki, vilde ein ikkje få ein skikkeleg tokke av kva det er som hev gjort at eg vart interessert i forfattaren Halberg i det heile. "Flommen" vart heiderskruna av eit heilt kritikarkorps. Det skal noko til at kritikarane i Noreg skal greida å samla seg attum ei bok. Den boki lyt ha noko serleg å segja. Kritikarane må tvillaust lesa mykje rart, og det er langt frå alltid at ein vert like klok av å studera avisor som samlar svære samlingar av bokmeldingar yver mange avissidor eller jamvel lagar egne seravisor eller sernummer.

Dei tvo personane Stein Ove Sand og Robert Gjørstad fortel i eg-person i ulike bolkar av "Flommen". Med kvart vert dei tvo vovne inn i einannan både gjennom handling i notidi og gjennom attendeblikk. Det heile tok til med besteforeldri deira. Bestefar til Gjørstad vart nazist og førde mange gode nordmenn i klørne på tyskarane. Ludvik Gjørstad var halvbror til bestefaren hans Stein Ove Sand. Broren til Ludvik, Rasmus, fekk bestemor hans Robert attende til Gjørstad. Dotteri hans Ludvik, Grete, kom til Gjørstad og gifte seg med Georg. Dei fekk fire born: Hugo, Robert, Jonny og Nina.

Ludvik fekk aldri innpass i bygdi. Han vart gåande i utmarki og levde av å skjota villt. Rasmus vilde ikkje vita av Ludvik, men meinte at det vilde vera feil å straffa kona og borni. Ein dag då Hugo var kring 18 år, drap han faren, Georg. Det vert full politietterforsking, men etterforskarane legg ikkje merke til leide-trådar som kunde ha ført fram til dom. Det er berre Stein Ove Sand som hev ein mistanke, men han let det heile gå. Drapet på Georg er eit vendepunkt for familien. Hugo flytter ut og etablerar seg med kvart som dyreslaktar.

Stein Ove Sand vert hugstolen av ein tanke um at han vil halda Robert undan vanskar. Det verkar som ei vonlaus oppgåva. Robert er sers brålyndt og hev det med å segja og gjera det han sjølv vil. Robert opplever Sand som klengute. Bestefaren til Sand ligg for døden og fortel på dødslægjet at det var han som tok



Forfattaren Jonny Halberg

livet av Ludvik, ein gong på 1970-talet. Ingen hev nokon gong brydd seg noko um kven som myrda Ludvik. Ludvik var ein persona non grata i bygdi, og bestefaren til Sand gjekk fri.

Attåt det at huslydane Sand og Gjørstad er knytte saman gjennom saga, syner det seg at Robert og Stein Ove hev vore interesserte i den same dama. Siv er formelt sett kona til Stein Ove, men ho hev havt mange menn, og Robert er ein dei.

Midt upp i dette kjem den store flau- men på Austlandet. Det var det året som me kjenner frå fjernsynsbileti. Det var då husi kom rennande nedetter elvane. Elvar vart til innsjøar, avsidesliggjande hus vart liggjande på øyar. Bruer og fjøs vart sprengde og store mengder ting vart skylde nedetter dal- og fjellsidor. Det er både fysiske oppreinskingar og mentale reinskingar som gjeng fyre seg i boki.

Personskildringi er merkt av dei tvo forteljarane. Robert er ein ung mann med hang til valdelege utfall. Han hev lett for å ty til vald når han vert arg, serleg når han kjem i kontakt med folk nede i bygdi. Slik sett vert han ikkje nokon beinveges positiv og sympatisk person. Men når me møter honom heime på garden, er han langt frå nokon person det er lett å mislika. Han hev stor umsut for den stumme bror sin, Jonny. Han gjer so godt han kann for at den vanføre broren fær koma seg ut på både fisketur og andre turar. Han er den som driv garden, medan mori er meir tafatt. Toppen av det heile er at mori lurar undan purringane frå trygde- laget, slik at trygdepemien ikkje vert svara, noko som kann få store fylgior for

huslyden då flauenen fyrst bryt ut. Me fær tokken av at Robert ikkje vilde ha det slik. Det er òg Robert som vil verja systeri si når mori sender den sekstan år gamle dotteri ut i prostitusjon nede på tettstaden. Han vil stogga systeri og meiner at mori utnyttar henne.

Robert er kring 30 år. Han likar livet på bygdi, men han slit med tankar um å koma seg undan. Kjærasten, Siv, vil gjerne ha honom med ut or bygdi, men Robert greider ikkje å skjera gjennom, og når Siv dør på slutten av boki, vert det heile uaktuelt for honom.

Robert slit med å halda seg uppegående. Huslyden sprikjer i alle leider. Jonny er vanfør og veit ikkje å gjera skikkeleg greida for seg. Hugo syner seg å vera ein pedofil mordar som hev greidt å etablera seg med eige hus og huslyd og som lurar mori med på å få yverført garden til seg sjølv. Nina hev vorte mishandla av Hugo, og ho freistar å stempla Robert som valdsmann. Mori til Robert er bolkevis heilt apatisk. Serleg godt kjem det fram då flauenen kjem. Ho ynskjer ikkje å fara frå huset. Ho skynar ikkje ålvoret og Robert lyt ty til drastiske middel for å få henne til å taka seg saman. Likeins er den råde utnyttingi av Nina, endå ein karakterbrest hjå mori. Alt medrekna må ein segja Robert hev mykje å slita med.

Det er eit ihopfløkt spørsmål å taka upp um Robert utviklar seg og veks på det som skjer. Det mest drastiske er nok når broren og mori legg meinråder mot honom. Hugo skal yvertaka garden, og Robert skal få jobb i eit flyttebyrå, so kann han få ut noko av rastløysa si, som broren segjer med utsøkt spit.

Men Robert er uredde og ærleg. Han gjeng til Stein Ove Sand og fær hjelp til å klåra upp i tilhøvet med systeri si. Sand lovar å sjå uppatt på saki med Hugo. Grannen deira hev fortalt Sand at det var Hugo som drap Georg, men grannen vil ikkje vitna. Sand vil sjå um det er råd å koma åt Hugo, slik at Robert kann få halda på garden og sleppa å verta sett på porten på det usle viset som Hugo hev lagt upp til. Robert fær eit brev frå systeri som truleg avslører Hugo.

Robert tek òg ei oppgjerd med mori som skriv usaklege og sjikanøse lesar- brev til lokalavisa. Han nøgjer seg ikkje med det. Han gjeng til lokalavisa og skjeller dei ut med det same. Me hev

absolutt fenge tokken av Robert som ein dynamisk person.

Den same tokken fær me vel òg gjennom den ytre skildringi av Robert. Den ytre skildringi kjem fyrst og fremst fram gjennom forteljningi til Stein Ove Sand, men Sand syner eit langt meir usminka bilete av Robert. Dei gode sidone til Robert kjem ikkje fram på same måte som hjå politimannen Sand. Valdsepisodane, og dei mange skuldingane mot Robert, både velgrunna og heilt grunnlause, gjer det vandare å sjå dei gode dragi hans.

Stein Ove Sand er rockestjerna og utskotet i bygdi som vende um og vart politimann. Sand hev med kvart vorte ein rimeleg velstrukturert person med eit ordna liv. Det kjem til dømes fram gjennom ulastelege kledsplagg og gjennom at han likar arbeidet sitt. Han hev starta Bokvenen saman med systeri. Dei spreider bøker til folk i bygdi. Tilhøvet til kona Siv er dårleg. Dei hev flutt frå einannan, men likevel hev dei mykje sams, serleg sidan Siv meiner at det må vera Stein Ove som er far til barnet deira. Stein Ove hev vore sjukemeldt av di dei gjekk frå einannan. Stein Ove vert helt då han bergar ein gamal mann som heldt på å gå under i ein bil under flaumen. Det fører honom til topps i mediebilættet. Noko han mislikar, men som utan tvil slær fast at lokalsamfundet ser på honom som ein sympatisk person. Ein person som fortener eit godt liv. Soleis vil alle tilsynelatande skjermja han frå å fortelja honom um at kona hans hev havt ei rad menn upp gjennom saga.

Stein Ove utviklar seg vel ikkje noko serleg, men flaumen må definitivt verta eit vendepunkt for honom. Huset hans vart bygt på leire. Det gjorde at han fekk det billeg, men det fører òg til at det stryk med under flaumen. Ikkje nok med det, han misser kona si. Ho døyr samstundes med at huset rasar utfyre. Dette fører nok til at han lyt endra livet sitt nokso dramatisk etter flaumen. Men det gjev oss ikkje grunnlag for å segja noko um han er ein dynamisk karakter. Det er nok derimot noko anna som tyder på dynamikk. Det er tilhøvet til Robert. Dei tvo møter kvarandre, og Robert og Stein Ove fær ei slags samforståing um at Hugo er ein skadeleg person som lyt stoggast.

Diverre når ikkje Stein Ove fram med si ikkjevaldslina. Robert bankar upp Hugo, medan Stein Ove er nøydd til å taka seg av huset sitt.

Miljøskildringi i boki er merkt av eit

lite lokalsamfund der alle kjenner alle. Det er fåe som torer å skilja seg serleg ut. Gjørstad-huslyden er alt i utgangspunktet svartmåla og stigmatisert av det bestefar Ludvik gjorde under krigen. Robert si valdelege framferd er sladrestoff på bygdi, det same er lesarbrevi til mori og systeri sine nattlege utskeingar. Dessutan er det mange som ser skeivt til Jonny av di han ter seg rart, og folk hev fordomar mot stumme menneske.

Det er eit innlandsmiljø. Robert fangar gjeddor som er innlandsfisk. Folk bur langt frå einannan, og det er kronglut å koma fram til dei ulike bustadene, undanteke i sentrum av bygdi - her let det til å vera nøgdi av både kafear og butikkar.

Motivet er knytt til korleis familiekonfliktar og tilhøve millom familiar kann vikla seg inn i einannan. Det syner òg korleis ein huslyd med vandslege voksterkår kann verta plåga av både oppgjorde og u-uppgjorde saker i fortidi. Bestefaren sine synder er ikkje noko som Gjørstad-familien kann svara for, men minnet lever i bygdi. Morfaren som levde som ein villmann hev sett far som ikkje let seg viska ut av folkesnakket. Innetter i huslyden og i høve til grannen lever minnet um Hugo som mordar. Trekanten millom Stein Ove, Robert og Siv ligg òg og ulmar, men Stein Ove fær aldri vita kva som hev gjenge fyre seg med Siv.

"Flommen" er ein roman som til slutt stend fram som like mangfeld som livet sjølv. Me lever oss inn i personane slik at me vert oppradda yver alt me ikkje fær praktiske svar på. Kvardagslivet til Stein Ove og Robert vert noko av det me ventar å få høyra meir um, men det tek slutt midt uppe i flaumen. Det gjer at boki stend fram som eit kunstverk som vert dimeir verdfullt.

Tematikken samlar seg um korleis ein familie kann greida å halda saman når konfliktar, brotsverk, yvergrep og naturkatastrofar samlar seg kring deim og pressar alle til å vera ærlege. Det er kann henda ærlegdomen som øydelegg mest. Når alle korti kjem på bordet er det ingen veg utanum. Fortidi må få sine fylgjor. Det er grensor for kva som kann godtakast, noko må rett og slett få ein slutt.

Ein kann få lyst til å segja at bodskapen må kunna knytast til at ein må kjempa for det ein trur på. Det nyttar ikkje å gjeva upp. Robert trur på det greide og gode livet i pakt med naturen. Han vil driva gardsbruk og trivst med livet på landsbygdi. Flaumen og broren trugar tilværet hans. Dei vil jamvel hæda

honom med å gjera honom til flytjebyråmedarbeidar. Robert lyt slåst for det han trur på.

Komposisjonen i boki verkar stram. Det vekslar millom ytre skildringar og opprulling av intrigane kring dei tvo huslydane. Det er bestefar til Stein Ove som gjev oss opphavet til Gjørstad-familien. Morfaren er nok den av personane som hugsar mest direkte kva som hev hendt, og attendeblikket hans gjev oss eit frampeik um at dette er viktig for det som skal koma seinare. Det ein gamal mann fortel på dødslægjet er ikkje noko ein kimsar av.

Upphavet til Gjørstad-familien er kann henda litt uklårt for folk i bygdi no, men bestefaren set det heile på plass. Stein Ove fær det heile betre fram enn det Robert kunde ha gjort. Me treng eit utanfrå-perspektiv for å skynta kvifor Gjørstad-familien hev det som dei hev det.

Men det er ikkje berre Robert som er eit utskot i bygdi. Stein Ove er det same. Stein Ove er ferdig med Siv og ynskjer ikkje å ha noko med henne å gjera. Han skyv henne frå seg, medan ho vender seg til honom gong etter gong for å fortelja honom um graviditeten. Med Robert er det umvendt - det er han som gjeng til Siv. Det er soleis eit høgdepunkt då dei finn Siv død i restane etter huset til Stein Ove. Stein Ove vil ha Robert saman med seg, men Robert stikk av.

Handlingi med familieintrigane vert forsterka av at flaumen slær inn. Det fær fram i dagen at mori og Hugo hev lagt planar um at Hugo skal yvertaka garden av di han hev sparepengar som kann føra garden vidare. Det tvingar òg yvergrepi mot Nina fram i dagen når huslyden er på flyttefot.

"Flommen" er utan tvil ein lykjelroman inn til mykje av forfatterskapen åt Halberg. Det er nok den boki Halberg fortente å slå gjennom med. Um han ikkje skulde ha slege gjennom med denne boki, vilde han ikkje ha slege gjennom. So sterkt vil eg segja det. Med bøkene "Trass" og "Gå til fjellet" hev Halberg skapa eit eige univers kring ei innlandsbygd. Karakterane i bøkene er levande og spanande og hev potensial til å verta ståande som sentrale personar i norsk litteraturhistorie tilliks med andre store forfatterskap frå tidlegare tider. Det er ein flaum av kjenslor som stend att etter at ein hev lese denne boki.

Antisemittismen i Russland

Av Kenneth Kiplesund

Innleiðing

Denne artikkelen vart send inn som arbeidskrav i KRL-studiet mitt ved Høgskulen i Volda 2006. Han tek fyre seg antisemittismen i Russland (Sovjetunionen) frå 1700-talet fram til um lag 1990. Det segjer seg sjølv at eit slikt lite innlegg berre kann fara med "harelabb" yver eit sopass stort emne som antisemittisme er.

Restriksjonar og pogromar

Jødane i Russland hadde det etter måten fredelegt longo. Dei vart tynte og underlagde ymse forbod, men store forfylgingar slapp dei for det meste undan. Men frå midta av 1700-talet braut det laus forfylgingar so å segja alle stader der det fanst jødar i serlegt stort tal. Desse forfylgingane hadde som regel bakgrunn i den sokalla "ritualmordsoga": Folk trudde at jødane røva kristne born og bruka blodet deira til religiøse fyremål. Og i 1722 sette leidinga i den ortodokse kyrkja seg fyre å "ødelegge jødetroens motbydelige skole og uten unntak brenne alle jødiske bøker man kom over".

Jødane i Russland hadde svært strenge reglar for kva jobbar dei kunde hava, og kvar dei kunde reisa. Dei lettaste jobbane å få, var å forpakta jord for godseigarane, og å krevja inn skatt for deim. Resultatet av dette var at bøndene, som laut svara skatten, vart misnøgde. Denne ulmande misnøgja mot regimet vart yverførd til jødane. Dette var ein medviten taktikk frå tsaren si sida, og han resultera med jamne millomrom i det som vert kalla pogromar, det er at bøndene organisera yverfall på jødiske bustadstrok. Dette førde med seg mishandling og dråp på jødar. For tsaren var antisemittismen soleides eit verkty til å halde misnøgja frå folket burte frå han sjølv.

I 1881 vart tsar Alexander II myrda av opprørarar. Det var ein jøde millom desse, og i store luter av folkesetnaden frettest det at det var jødane som stod attum mordet. Dette førde til fleire pogromar, og ofta var politiet tilskodarar til øydeleggjingane.

Det vart ikkje lettare for jødane under den nye tsaren, Nikolai II. I byrjingi av 1903 gjekk det fyre seg ein pogrom i byen Kisjinev. Atter ein gong var påskotet ritualmord. Folk hadde rusta seg med stokkar, knivar og øksar, som dei gjekk til åtak med. Då jødane freista verja seg med jarnstenger, vart dei avvæpna av



Antisemittisk karikatur frå 1907, på fram-sida av det russiske vikebladet Pluvium.

politiet. No var dei fritt vilt for den rasande mobben, som nytta dei mest bestialske mishandlings- og dråpsmetodane som ein kann tenkja seg: Ein mann fekk banka spikar gjennom hovudet, ein annan fekk augo stukne ut, småe born vart kasta ut frå øvste etasje og låg knuste på gata.

"Sions vises protokoller"

Når me talar um antisemittisme i tsar-Russland, kjem me ikkje utanum eit skrift som vert kalla "Sions vises protokoller", som truleg vart skriva i 1897. Historisk set kann ein nok segja at det er denne boki som hev kravd flest jødiske liv, berre "Mein Kampf" gjeng framum. Dette falskneriet kjem med påstand um at det finst ei verdsomspennande jødisk samansverjing med mål å få makt yver heile verdi. Protokollane gjev seg ut for å vera opprit frå møte som dei medsamansvorne hev havt.

Ein hev longo trudd at det var sjefen for tsaren sitt løynlege politi i utlandet som forfatta skriftet. Men ny forskning tyder på at det faktisk var franske styresmakter som stod attum hatpropagandaen. Dette fortel E. Uriely i ein e-post. Protokollane vart tilsynelatande laga for å styrkja tsaren og aristokratiet (serleg kyrkja) si makt, men det røynelege målet var å skapa redsla for jødane. Skriftet framstiller difor demokrati og liberalisme som eit trugsmål: Alt dette er i

røyndi berre eit skalkeskytle for planane som jødane hev um å taka yver verdi.

Protokollane tente snart som ammunisjon for aktive antisemittar og for folk som organisera pogromar. Tsar Nikolai II var sterkt antisemittisk, men han gjennomskoda forfalskingi og konstatera: "Ein kann ikkje forsvara ei rein sak med skitne midlar". Alt i 1921 kunde avisa The Times gjera kjent at store luter av teksti i protokollane var henta frå ei fransk bok frå 1864. Denne nækjingi hev diverre ikkje hindra at boki framleides er populær i antisemittiske krinsar, og ho vert stødt gjevi ut på nyo, i Noreg seinast i 2003.

Under "dei raude tsarane"

I 1917 tok kommunistane (bolsjevikaner) makt i Russland gjennom revolusjon. Tsarfamilien vart drepen. Dei nye makthavarane såg på antisemittismen som reaksjonær, og innførde dødsstraff for dette. Det vart samstundes slutt på restriksjonane som regulera kvar jødane kunde bu.

I utgangspunktet såg dette bra ut. Men "dei raude tsarane" tala med tvo tungor. Attåt dei nemnde umbøtene (reformene), kom det andre endringar med, som ikkje gjekk i favør av jødane. I byrjingi av 1920-talet vart hebraisk forbode. Grunnen til dette var at hebraisk var eit religiøst mål, og "religion er opium for folket" (Karl Marx).

Då kommunistpartiet var leidd av Lenin, var antisemittismen likevel tolleg mild. Det vart tøffare under dei seinare leidarane. No skaut antireligiøse åtgjerder fart: Synagogar vart bygde um til offentlege toalett, og jødiske gravlundar vart gjorde um til parkar. Mange jødiske organisasjonar vart forbodne, m.a. sionist-organisasjonar. Folk som sympatisera med sionismen vart sende til Sibir. Under Josef Stalin toppa antisemittismen seg med det sokalla "lækjarkomplottet" i 1953. Då vart jødiske lækjarar fengsla med grunnlag i ei falsk skuldning um giftmord. Desse lækjarane skulde avrettast, men Stalin døydde stutt tid fyre dette vart sett i verk. Dei nye leidarane sette lækjarane fri, og sagde det hadde skjedd eit "leidt mistak".

Jødehat vart jamvel kamuflera som motstand mot sionismen. Millom 1936 og 1939 køyrde Stalin ei intensiv kampanje mot "den sionistisk-imperialistiske

tyningi av dei palestinske arabarane". Sionismen vart soleides sedd på som ein reidskap for imperialismen. Då Israel vart skipa i 1948, vart den nye staten stempla som ei form for borgarleg, jødisk nasjonalisme. Det vart innleidd hatske kampanjar mot jødiske intellektuelle og kunstnarar. På 1960-talet vart sionistane framstelde som medhjelparar til nazismen. Etter Seksdagarskrigen i 1967 sette propagandaen likskap millom sionistar og nazistar. I 1968 og 1969 kom det ut to bøker: "Jødedom og sionisme" og "Åtvaring: Sionisme". Både desse bøkene skildra jødiske institusjonar og organisasjonar som "ei internasjonal jødisk samansverjing" og hævda at den jødiske religionen "uppmodar tilhengjarane sine til slavebinding og folkemord mot alle folk". I sume sovjet-statar vart jødiske kommunistar avretta eller fengsla av di dei var "sionistiske, borgerlig-nasjonalistiske forrædere av folket".

Mot nye tider

På 1980-talet vart ei rørsle med namnet "Pamjat" ("Minne") skipa. Denne organisasjonen vilde taka vare på den tradisjonelle russiske kulturarven. Argumentasjonen var merkt av jødehat. Nokre døme frå "Opprop til det russiske folk": "Vi krever, sammen med folket, at alle krefter blir mobilisert for å avsløre den sionistiske fare i vårt land og at man setter en stopper for dem som selger sitt fedreland for tretti sølvpenge! (...) Til slutt vil vi spesielt understreke at den



Antisemittisk demonstrasjon i Moskva i 2002.

nasjonalistiske bevegelsen Pamjat ikke har noe med antisemittisme eller noen annen form for rasediskriminering å gjøre! (...) Den som tror at sionismen og frimureriet bare er et oppdiktet problem, han er fienden!"

Jamvel etter at Sovjetunionen braut saman, heldt dei antisemittiske huglagi seg sterke. Sterke politiske spenningar og store sosiale vandumål førde til at folk trong syndebookar. Og som alltid stod jødane høveleg til for hogg. Antisemittisk litteratur vart seld ope på gatone i Moskva. Det uppstod ei mengd nasjonalistiske organisasjonar, som alle hadde sterke understraumar av antisemittisk tankegods. I publikasjonar frå desse organisasjonane vart det hævda at jødane ynskte å øydeleggja den russiske kulturen. Etter måten mange av dei karikaturteikningane som vart bruka i desse publikasjonane, kunde ha vore henta rett ut or eit nazistisk tidskrift frå Tyskland på 30-talet.

Kjelder

Borchsenius, Poul (1960): Hep! Hep! Oslo: Den Norske Israelsmisjon
 Eitinger, Leo (1985): Mennesker blant mennesker Oslo: J.W. Cappelens Forlag
 Eriksen, Trond Berg m.fl. (2005): Jødehat Oslo: N.W. Damm & Søn
 Gravir, Ketil & Ustvedt, Yngvar (1975): Russland under hammer og sigd Oslo: Gyldendal Forlag
 Jansen, Hans (1993): Antisemittismen Straume: Sambåndet Forlag
 Pedersen, Hans P. (2001): Med ryggen mot muren Oslo: Rex Forlag
 Rian, Dagfinn (1992): Den store løgner Oslo: Den Norske Israelsmisjon
 Selbekk, Vebjørn K. (2003): Jødehatbok distribueres fritt, <http://www.magazinet.no/default.asp?menuid=&linktype=2&linkid=15746>
 Uriely, Erez (2006): E-post til forfatteren av 27. april

Orsaking frå Jostein Krovik

I Målmannen nr. 1/2006 hadde eg ein liten merknad um det fine Anders Hovden-diktet "Dikt avlar rosor" som var prenta i samlingi "Haust". I merknaden kom eg til å ordleggja meg på ein måte

som tydde på at det var noko uklårt um diktingsår og prentingsår i Hovden-samlingi av Karl-Anders Hovden "Fagert er landet"(1994). Dette hev bakgrunn i mi slurvesame skumlesing av det greide

fyreordet i "Fagert er landet". I samlingi stend det både klårt og tydeleg at diktet var skrivi i 1922, og det var prenta i "Haust" i 1930. Eg bed um orsaking for dette uforsvarlege sjusket.



NYNORSK
ANTIQUARIAT
 www.nynorskantikvariat.no



Nynorsk Antikvariat AS

Hulgata 11

4900 Tvedestrand

Telefon 37 16 66 66

E-post: tinging@nynorskantikvariat.no

Antikvariatsbokhandlar

Arne-Ivar Kjerland

E-post: Arne-Ivar.Kjerland@nynorskantikvariat.no

[nynorskantikvariat.no](http://www.nynorskantikvariat.no)

Mobil: 928 29 098

Fyredrag med stadnamngranskaren Eivind Vågslid

Av Thoralf Bergwitz

Dette stykkjet stod fyrste gongen på prent i avisa Fædrelandsvennen 4. desember 1973. Det er eit opprit av eit kåseri som filologen Eivind Vågslid (1897-1986) heldt i Austegdelaget i Arendal. Eg fekk so mykje med av det han bar fram, at eg tykkjer det er verdfullt nok til å takast inn i Målmannen.

Kor gammalt er det norske målet? Er det eit fatig og ringt mål? Eller er det eit godt mål? Er det ein god reidskap for tankjen? Treng det tilskot av lånord frå andre mål? Gjer lånordi målet rikare og meir brukeleg i vår "moderne" tid?

Er alle målføri like gode som grunnlag for ein skriftnormal som skal danast på "norsk folkemåls grunn"? Er det eit vent mål?

Er det eit greitt og eintydigt mål? Kann ein utvetydig få sagt det ein meiner ved å nytta reine, heilnorske segjemåtar?

Hev påverknaden frå det danske skriftmålet gjort norsk talemål rikare og ledugare eller hev det gjort skade på det norske folkemålet?

Dette var spursmål som målvitskapsmannen og stadnamngranskaren Eivind Vågslid skulde freista å gjeva svar i eit fyredrag i Austegdelaget.

I ein og ein halv time heldt han møte-lyden fanga i eit velforma og forvitneleg fyredrag - ein tale som ikkje let etter seg tvil um at mannen sat inne med kunnskap i emnet.

Vågslid tok fyrst fyre seg målvoksteren frå dei eldste tider. Det norske målet høyrer til det germanske målet. - som er ei grein av det indoeuropeiske målet. Granskingi syner at det hev vore tala germansk her i landet i minst 4000 år. Dette målet - som er ei sergrein av det germanske målet - er kalla nordgermansk eller frumnordisk. Dette målet heldt seg tolleg ubrigda ned til um lag 500 etter Kristus. I denne tidi var det berre småe dialektavbrigde i Norderlandi (Skandinavia).

Frå 500 til 700 kjem ei overgangstid - ei umlagingsstid for norderlendisk mål. Me kann her finna ei tydeleg kløyving i eit austnordisk og eit vestnordisk mål. Svensk og dansk høyrer til det austnordiske, medan norsk, islensk og færøysk høyrer til det vestnordiske - eller det norrøne målet. I dei seinste 1000 år hev me ein rein norsk målvokster fram til i dag. Det hev soleis vore tala eit serskilt norsk mål her i

landet i minst eitt tusen år.

Og dette er sjølv sagt ein veldig verdfull ting at me hev eit mål som er so gammalt at me kann fylgje det attende til den eldste busetnaden i dette land. Sjølve den tingen at eit mål er verdfullt når det er gammalt, det treng ein ikkje sjå seg so mykje um i verdi for å skyna. Me kann berre tenkje på nokre einfelde døme, so som suomane når dei reiste sitt eige mål i samband med si frigjering. Irane hev freista på det same, men hev ikkje greidt det, men jødane hev tekje upp att eit tvo tusen år gammalt skriftmål - som so og segja var burte i skrift - og gjort det til sitt nasjonalmål. Arabarane hev gjort det same. Og tenk på den folkereisingi som hev gjengje fyre seg i den seinare tid - til dømes millom arabarane. Sjø no i Libya til dømes, der er det gjort vedtak um at alt som er skrivi synleg nokon stad i landet, det skal vera på arabisk. Før var det på engelsk alle stad, men no er det sopa reint - det finst ikkje teikn til anna enn arabisk. Det er arabisk på alle umkverve, på bensinstasjonar, på telegrafstasjonar og telefonstasjonar og jarnvegstasjonar - det finst ikkje teikn til anna enn arabisk.

Og i Sovjet til dømes er det meir enn seksti serskilte opplæringsmål i folkeskulane - attåt russisk - og det er mange med serskilte skrifteikn. Det skulde i alle høve visa at rundt ikring i verdi finst folk som veit å verdsetja sitt gamle og sermerkte tungemål. Dei ser at det er tungemålet som bind dei saman til eit folk - og det gjev dei fast grunn under føtene - det gjev dei noko å stande på - det at dei er eit serskilt folk - det gjev dei sjølvkjensle - det gjev dei vyrdnad for seg sjølve. Djupe røter gjev liv og næring til treet so det alltid stend friskt og sterkt. Tungemålet og folkjet er eitt.

Er so det norske målet eit fatigt og låkt eller ringt mål? Eller er det eit rikt og godt mål?

Ser me på naturtilhøvi i vårt land - kor skiftande det er - kor mange ulike slags næringsverksemdar som tilhøvi kravde - at verlagjet er slik at folk heldt seg friske, men likevel slik at dei laut arbeida for å livbergja seg - so skynar me at folk laut finna ord for alt det dei såg - og alt dei bruka - alt dei møtte på sin veg. Alt dette gjer at det norske målet er veldig rikt og mangslungje.

Etter det eg kann sjå - etter å ha granska litt i andre indoeuropeiske mål til dømes - so finst det ikkje eit mål på denne

jord som er so ordrikt og so mangslungje som nett det upphavelege norske folkemålet, segjer Vågslid. No hev det i den seinare tid vore ei slags ovtru at me ikkje hadde ord for tankane - me hadde berre tingord og ikkje abstraktord - det er berre skire fåkonne, dei hadde ord og segjemåtar for alle tankar i gamal tid slik som i vår tid, me kann berre leite i alle ordbøker frå gamalnorsk tid so finne me ord um tankar, hug og hugrørslor, dei er der i rikt mun.

Det norske - norrøne - målet hev dessutan i seg ein evne til nyskaping av ord og ordlag som ikkje andre vesteuropeiske hev. Til samanlikning med norsk er dei tilstivna og sterile. Engelsk til dømes er difor stappfullt av lånord.

Kva so med lånordi i det norske målet? Gjer dei målet rikare? Eller vert det kann hende fatigare med iblanding av framanord eller lånord? Me kann velja berre eitt einaste døme, so kann det hende me skynar svaret. Tenk på kva for eit veldig strev det lyt vera for eit skulebarn å læra ei vending som "ta INITIATIV til", som til samanlikning på norske heiter "GJERA UPPTAK TIL". Framandordi trengjer burt gode norske ord og vendingar og gjer skade på målkjensla i folket.

Hev det danske skriftmålet her i landet hatt same verknad som lånordi frå andre mål kann henda? Ja, diverre er det so. Me ser det i presse, kringkasting, ja alle stad kann me høyra keivleg og unorsk ordlegging. Me høyrer til dømes at "ambassadøren ble kallt hjem" eller "vart kalla heim". Dette fører til at me fær ein "kalla heim ambassadør (eller sendemann)" medan det sjølv sagt heiter "ein heimkalla sendemann" og difor at "sendemannen vart heimkalla".

Eller me les um ein som er påkøyrd av ei motorvogn, so heiter det som regel at "han ble NEDKJØRT" eller endå verre "han ble kjørt ned". På norsk køyrer me ned bakkar og ikkje folk. Derimot kann me ved uhende køyre PÅ - eller mot - folk. I denne samanheng heiter det og som regel at han som var so uheppen at han vart "KJØRT NED" i tillegg "ble DREPT" når han miste livet. Det er ikkje tale um drap eller mord, det er ei ulukke ein talar um, likevel nyttar ein verbet *å drepa* som er ein aktiv handling som ein skapning gjer med ein annan. Slike døme kann me finna i fleng, me skil ikkje lenger millom aktive og passive verb. Dette er ein synber

utarming av målet som me nok lyt laste målblendingi for.

Er so alle målføri like gode - like høvelege - som grunnlag for eit skriftmål som skal byggjast på "norsk folkemåls grunn"? Grunnlaget i alle målføri er nok like godt, men sume målføre er meir påverka av det danske skriftmålet enn andre - og soleis mindre skikka som eit norsk mønstermål som ein skriftnormal

bør vera. Skal me få ein sams skriftnormal - ein skriftnormal som er greid og lett å læra - ein god tolkar for tankjen, so lyt me løyse oss frå fyredomane og fåkunna um at målet skal få veksa "fritt og sjølvstendig" - og den stuttsynte og andvarsause ranglæra um at "livet" skal velja framtidsmålet for oss. Me lyt leggja burt det meiningsause grunnlaget at tungemålet er og skal vera ein *aping* og

ikkje *skaping*. Det er me som skal skapa framtidsmålet i Noreg. Målet er fyrst og fremst ei samfunnsgogn og like ein s som andre gogner, kann det berre verta fullgodt når det er bygt av dei beste emne. Og det beste måltilfangjet me hev å byggja på, er i alle høve det målet som hev levt lengst saman med det norske folket, sa Eiving Vågslid.

Elektronikk i verdsromet

Av Olav Torheim

Elektronikk i verdsromet er eit fagfelt som dei færraste hev høyrte um eller hev røynt med, men som det kunde vera forvitnelegt for nokon kvar å få eit lite innblikk i. På engelsk hev ein ordet *avionics*, samansett av *aviation* og *electronics*. På norsk kjenner eg so langt ikkje til noko etablert avløysarord.

Dersom ein ser historisk på det, hev romverksemd vore ei viktug drivkraft for utviklingi av elektronikk. Det var utviklingi av raketar og missilar under den kalde krigen som førde til den fyrste masseproduksjonen av integrerte krinsar.

I dag er stoda vorti snudd. Elektriske komponentar hev funne vegen inn i alle slags forbrukarartiklar, og det er berre eit fåtal elektronikkprodusentar som hev spesialisert seg på den nisjeverksemd som romverksemd hev vorte. Det vert soleides stødt vandslegare å finna elektriske og elektroniske komponentar som er kvalifiserte for bruk i verdsromet.

Miljøet i verdsromet

Elektronikk i verdsromet vert utsett for svært ekstreme omgjevnader. Elektronikken må for det fyrste ikkje verta øydelagd av den sterke akselerasjonen når raketten vert skoten ut. Elektronikken må dessutan tola at temperaturen i romet ymsar frå 267 minusgrader i skuggen åt soli til 300 plussgrader dersom ein er mot soli. Og i vakuum kann ikkje varmen yverførast ved konveksjon, difor lyt instrumenti utformast slik at komponentar som utviklar varme fær leidd honom burt til ein stad på skuggesida der han kann stråla ut i det kalde verdsromet.

Sidan instrumentet gjerne er plassert som nyttelast på ein satelitt saman med andre måleinstrument, kann ein helder ikkje godtaka at komponentane gassar ut. Romkvalifiserte komponentar lyt soleides formast ut av kjeramisk materiale - bruk av plastikkpakkar er bannlyst.

Her møter romfartelektronikken nokre av dei same problemstillingane som i utanskjer-
sverksemd (offshore-verksemd) der elektron-
ikken millom anna lyt tola svært høge temper-

aturar. Men i romet vert det dessutan sett krav som ein ikkje møter so mange andre stader: Elektronikken lyt til dømes tola langt sterkare stråling enn den me uppliver på jordi.

I verdsromet finst det mange ulike strålingskjeldor, som elektron, proton, tunge ion, nøytron, galaktisk kosmisk stråling osv. Når desse partiklane nærmar seg jordi, vert dei påverka av det jordmagnetiske feltet, og som eit resultat av dette vert elektron og proton fanga i strålingsbelte kalla Van Allen-belti. Strålingskjeldone i verdsromet kann grovt sett kløyvast upp i fire grupper: Proton og elektron samla i Van Allen-belti, tunge ion fanga i magnetosfæren, proton og tunge ion frå kosmisk stråling og proton og tunge ion frå solvindar.

Stråleskadar på elektrisk utstyr

Når det kjem til elektronikken på satelitten, er det to måtar strålingi kann gjera skade, anten med sokalla *single event effects* (SEE) eller total ionizing dose (TID). SEE er som namnet segjer effektar valda av ein einskild energetisk partikkel. TID er eit endeleg mål for kor mykje stråling krinsane toler fyre dei vert permanent øydelagde.

Ein skil normalt millom tri slag *single event effects*: *Single event upsets*, *single event latchup* og *single event burnout*.

Single event upsets (SEU) vert definerte av NASA som "radiation-induced errors in microelectronic circuits caused when charged particles lose energy by ionizing the medium through which they pass, leaving behind a wake of electron-hole pairs." SEU øydelegg ikkje krinsen, men korrumpere informasjonen i register og minneelement. Med kvart som dimensjonane i integrerte krinsar vert mindre, vert sannsynet for SEU større, av di det skal stødt mindre ladning til for å endra spenningsnivå i eit minneelement. Men SEU treng ikkje vera skadeleg dersom ein hev strategiar til å møte desse. For å verta kvitt eit SEU er det nok å berre nullstella eller reprogramera dei minnelementi som er råka.

Single event latchup (SEL) er eit tilstand

som kann uppstå når ladde partiklar vert injiserte i substratmaterialet åt integrerte krinsar. Måten desse integrerte krinsane er bygde upp på (MOS-teknologi med tilhøyrande parasitiske strukturar) fører til at desse ladningane kann koma inn ei positiv attendekoplingss-løyfa der stødt meir straum vert drege gjennom substratet. Um det ikkje er bygd inn mekanismar som slær av straumforsyningi i tide, kann straumdraget berre auka på heilt til dess at krinsen smeltar ned. Fåren for latchup var i gamle dagar eit ålvorlegt meinbægie for framvoksteren av MOS-basert teknologi.

Single event burnout er eit tilstand der eit tungt ion hev passert gjennom ein effekttransistor og deponert nok ladning til å slå transistoren på. Dersom transistoren vert verande i dette tilstandet, kann dei store straumane gjennom transistoren vera nok til å øydeleggja heile krinsen.

Skjerming mot stråling

Skjerming gjev godt vern mot partiklar frå solflekkar, men hev liten effekt mot høgenergetiske partiklar frå kosmisk stråling. Når ein skal skjerma mot stråling, kann ein anten byggja skjerm kring heile elektronikkboksen eller ein kann nytta sokalla Rad-Pak-teknologi, utvikla av firmaet Maxwell, der skjermingi i staden vert bygd inn i pakningi åt den ein-skilde integrerte krinsen.

Skjerming kann fyrst og fremst nyttast til å redusera den totale stråledosen (TID), mot *single event effects* hev han mindre effekt. Dette hev med stoggeevna åt ladde partiklar (dE/dx) å gjera - når partikkelen vert bremsa ned av skjermingi, taper han energi. Men di mindre energi partikkelen hev att når han hev brote gjennom skjermingi, di mindre areal nyttar han til å setja av den resterande energien. Dimed aukar fåren for *single event effects* i dei regionane på brikka som vert råka.

Krav frå ESA

Den europeiske romfartsorganisasjonen ESA set strenge krav til komponentar som skal vera med på ein ESA-finansiert ekspedisjon. Kom-

ponentane skal ikkje berre vera produserte på ein serskild måte, dei lyt jamvel vera testa etter eit sers rigid skjema for å kunna verta godkjende, og dette fører til at romkvalifiserte komponentar hamnar i ein heilt annan prisklasse enn dei kommersielle. Til dømes kann det kosta tusundtals dollar å få tak i ein einiskild romkvalifisert klokkekrySTALL medan vanlege kommersielle krySTALL kann kaupast i laus vikt til 30 kr stk. Den einaste skilnaden er at fyrstnemnde krySTALL kjem rett frå produksjonslina medan sistnemnde hev vore gjennom mange månader med testing etter at han vart produsert. For mange slags komponentar er testprosedyrane det einaste som skil kvalifiserte og ikkje-kvalifiserte komponentar.

Til bruk i kvalifiseringsprosessen hev ESA forma ut eit eige sett med standardar, kalla European Cooperation for Space Standardization, ECSS. ECSS hev tri hovudgreiner: prosjektstyringsstandardar, konstruksjonsstandardar og kvalitetssikringsstandardar. Det er soleides ikkje berre eit instrument som skal konstruerast, det lyt jamvel "konstruerast" ei rad ulike dokument som skal underbyggja at både prosjektet og produktet oppfyller alle relevante krav.

Det strenge ESA-systemet høver godt til private bedrifter som hev infrastruktur til å handtera ordrar på denne måten, men for vanlege forskingsinstitusjonar kann det føra til mykje papirarbeid. Mange forskingsinstitusjonar hev difor teke konsekvensen og skilt den tekniske biten av verksemda ut til private firma.

RoHS-direktivet og romfartsindustrien

Vanleg loddetinn hev til dessar vore ei legering av 63% tinn og 37 % bly (eutektisk tinn). Den europeiske unionen (EU) hev utferda eit miljødirektiv, kalla Reduction of Hazardous Substances (RoHS), som tek til å gjelda frå 1. juli 2006. Med dette direktivet vert det forbode å nytta bly i lodding.

Blyfritt loddetinn hev høgare smeltepunkt enn eutektisk tinn, og komponentane som skal loddast blyfritt lyt soleides tola høgare temperatur. Men for romfartsindustrien er det endå eit problem med blyfritt loddetinn - det ein kallar for whiskers.

Whiskers er elektrisk leidande krySTALL-strukturar av tinn som sumtid veks ut frå metalltyt. Dei kann veksa mange millimeter og soleides kortslutta straumførande leidningar. Whiskers veks snøggare i vakuum enn i luft, og satellittsystem for milliardar av kronor hev vorte sett ut or spel for skuld denne ovringi.

Det er berre reint tinn som produserar whiskers, og med eutektisk tinn skulde ein soleides vera sikra. Fram til no hev rom-

fartsindustrien i Europa fenge dispensasjon til å halda fram med å nytta blyhaldig tinn i instrumenti sine. Men blyforbodet i industrien kjem til å verta eit stødt større meinbægie for romverksemda og - for når ein skal framstella vanleg forbrukarelektronikk vert bly bytt ut med tinn yver heile produksjonslina, og det er dei færreste produsentane som kjem til å produsera eigne kvantum med utdaterte blykomponentar til bruk i romsegmentet. Løysingi vil truleg verta at ein sjølv lyt taka til å reprodusera fortinna komponentar med eutektisk tinn.

Praktiske romapplikasjonar

Fleksibilitet hev alltid vore eit viktugt stikkord innanfor elektronikkutforming, og det vert ikkje mindre viktugt når det kjem til romapplikasjonar der det er uråd å gjera noko meir med utformingi når satelitten fyrst er rigga upp og send ut i romet. Samstundes er det ei opplagd kjennsgjerning at di færre komponentar som vert nytta, di mindre sannsyn vert det for å introdusera feil ("han som ikkje gjer noko, kann helder ikkje gjera noko gale"). Programmerande, integrerte krinsar som kann samla flest mogleg funksjonar på den same brikka gjev soleides store fyremuner. Sovorne krinsar vert på fagspråket kalla for FPGA (Field Programmable Gate Arrays).

FPGA-krinsar hev ikkje vore so vanlege å nytta i romet til dessar av di dei fleste FPGA-ar er RAM-baserte og soleides lite strålingsherdige. Men det finst FPGA-krinsar som er baserte på sokalla antifuse-teknologi, og dei toler strålingi mykje betre. Det amerikanske firmaet Actel hev spesialisert seg på soverne krinsar.

Ei FPGA-løysing med innebygd mikroprosessor kann vera ei vitug løysing. Snøgge, einfelde funksjonar kann byggjast inn i

FPGA-brikka medan meir kompliserte kontroll- og reguleringsalgoritmar kann leggjast ned i ein ekstern flashrom og køyrast på prosessoren. Det svenske firmaet Gaisler hev utvikla ein 32-bits RISC-prosessor, LEON3, som millom anna ESA hev nytta på romferder. Når ein nyttar eigen flashrom til styreprogrammet, hev ein dessutan den fyremunen at ein kann umprogrammera systemet beinveges frå bakkestasjonen medan det er ute og fyk.

Samstundes som ein ikkje vil ha fleire komponentar enn det me treng, vil ein helder ikkje ha sokalla "single points of failure". Tvert imot vil ein ofta byggja inn redundans, det er tvo eller fleire modular som gjer det same, for å få eit system som er feiltolerant. Trippelmodulær redundans er eit klassisk døme på dette: I staden for å driva eit signal med ein einiskild drivar, nyttar ein tri. Dersom ein av drivarane slær seg rang, til dømes for skuld single-event upsets (SEU) valda av stråling, vil dei tvo hine drivarane tvinga den tredje attende i fase.

TMR er eit døme på korleides ein kann gjera sjøelve byggjesteinane i elektronikken strålingsherdige. Ei onnor tilnærming er at ein freistar å løysa ugredone på eit reint logisk nivå. Til dømes kann ein i programvara byggja inn redundante, sykliske kodar (CRC) som kann taka vare på den digitaliserte informasjonen jamvel um ein eller fleire bitar hev skift verdi.

Den programmerande krinsen RTAX-S frå Actel er eit døme på teknologi som nyttar seg av bae teknikkane. Her vert vanlege logiske element som til dømes register verna med TMR medan minneelement som RAM vert verna med feilsikringskodar der bitveilor kann detekterast og korrigerast automatisk.

Kjøp demokratiske appelsiner!



 **NORSK ISRAEL SENTER**
mot antisemittisme

www.norskisraelsenter.no

Tlf: 6992 1422

NIS-info

Bladet for deg som:

- Vil vita meir um Israel og jødedomen
- Ynskjer meir kunnskap um assyrarar, koptarar, kurdarar og andre folkeslag som dagleg vert tynte av arabiske okkupantar
- Etterlyser meir sakleg og balansert informasjon um stoda i Midtausten
- Et Jaffa-appelsinar og Carmel-potetor med god appetitt og godt samvit!

NIS-info vert fritt sendt til 20.000 husstandar.

Friviljugt støtteabonnement kr 250.

Kontakt oss på post@norskisraelsenter.no eller *NIS-info, Seljevegen 18, 1825 Tomter, Norway.*

B



ISSN-1503-2469

Ei svalde gjer ingen sumar. Frå sida 3...

Vinje meiner at "i hans munn betydde det omtrent det samme..." Det er uklårt for meg um Vinje her framleis syner til eit referat frå "Fritt Folk 26.11. 1941" eller um dette er frie ytringar og spekulasjon frå Vinje. Den faktiske kjensgjerningi var at Lunde nytta bokmål med undantak for i nokre heilt serstaka høve som Vinje hev greidd å finna fram til.

Men Vinje gjev seg ikkje med spekulasjonar. Han meiner at mange av dei målfolki som gjekk inn for språkleg samling såg det sameleis som Lunde at det laut skje ei språkleg samling på grunnlag av nynorsken. Vinje evar seg ikkje for å sitera Gustav Indrebø som sa: "*Norsk-dansk lyt brigdast...*" (Vinje s. 16). Men å hevda at Indrebø gjekk inn for språkleg samling er for drjukt. Her sluttar ein kort og godt å taka Vinje alvorleg.

Eg veit ikkje um polemikken vert klårare um ein nyttar nokre umskrivningar. Ein kunde segja at Arnulf Øverland og andre riksmålfolk sitt motstand mot "pøbelsprog" og "folkemålgjørme" var um lag det same som det Lunde dreiv med og at Lunde og riksmålfolki bae vilde draga rettskrivingi i konservativ leid. Endå verre lyt det vel vera at dette hende etter krigen. Dyrkingi av eit høinorsk mål, minnar då òg langt meir um riksmålssaki enn um målsaki etter krigen. Alt her hev Vinje opna for ein endelaus polemikk.

Men lesaren lyt diverre berre konstatere at det er viktig for Vinje å driva vidare spelet um kven som var mest nazistisk av målfolk og riksmålfolk. Målet er tydelegvis å slå fast at målfolki var alderdomelege nasjonalistar, medan riksmålfolki i etterpåklokskapens tid var stakkarslege offer for målagitasjonen. Eit slikt svart-kvitt-perspektiv gjev utan tvil vatn på mylna for alle som vil driva polemikk. Og det er greidd å ettervisa at

Vinje er urimeleg.

Eg er viss på at det kann segjast mykje um Geirr Tveit, men Vinje hev konklusjonen reidug med ein gong. Tveitt "...var nazisten, rasisten, antisemitten..." Dette meiner Vinje at han kann underbyggja anten heilt av seg sjølv eller kannhenda med å visa til Terje Emberland, men når ein les Emberland finn me ei bok som er berrlagd for slik skjellsordspolemikk. Emberland understrekar at Tveitt heilt klårt lyt frikjennast frå skuldingar um å ha svike under krigen. Det kann derimot spyrjast um han ikkje gjorde større vågnader med å ytra seg enn mange andre gjorde. Ein lyt likevel segja at tankane til Tveit kring nyheidendom og det norrøne i sumt kann verka rare og framande i dag, men dette er langt undan det Vinje skriv (s. 23).

Men ikkje nok med at Tveit vert utskjeld, han skal òg knytast til den notoriske nazisten og riksmålmannen Mikal Sylten. Litt av ein dekkoperasjon frå Vinje si sida, fær ein segja. Då eg las bolken um Sylten og Tveitt, konkluderte eg med at ordi til Langslet i innleidingi var daude og makteslause.

Sylten er tydelegvis Vinje sin helt for han brukar Sylten som kjelda til å slå fast at riksmålfolki ikkje hadde nokon innverknad yver målpolitikken til NS, medan målfolki etter Sylten "...arbeider iherdigere enn nogensinne..." Truverdet og ståstaden til Sylten både ålmennpolitisk og målpolitisk, um ein nyttar same kriterium for diskreditering som Vinje, er på eit slikt nivå at det er lite å leggja vinn på. Sameleis når Vinje klagar seg yver freistnader på språksensur mot Sylten. I praksis vart vel aldri NS-rettskrivingi skikkeleg gjennomført. På målsida fanst det snaudast serleg mykje å sensurera, dei fleste målbladi hadde gjenge inn.

Når Vinje skriv um riksmålmannen

Johan B. Hjort, som var medskipar av NS i 1933, utmeld i 1937 og knytt til Ragnarok-krinsen, vert det meste teke til fyremun for Hjort. Medan Geirr Tveitt skal takast for å ha vore med i Ragnarok-krinsen, skal Hjort orsakast. Dette er billeg polemikk endå ein gong.

Det er tydeleg at Vinje ikkje likar Nikolaus Gjelsvik. Det fær vera hans sak, men det vert ikkje meir vitugt av den grunn. Vinje uttalar ein stad Gjelsvik som *supernasjonalist*. Ein skulde tru at det var nok av utsegner frå riksmålfolk som gjekk mot rettskrivingi av 1938, men Vinje hev merkt seg at: "*Da NS-Regimet lanserte sin språkreform, gav departementet sin tilslutning til Gjelsviks svulstige språknasjonalisme og gjengav ved den anledning et sitat av ham med omtrent samme innhold som sitatene ovenfor.*" (Vinje:43) At NS-regimet bygde på kritikken mot den nye rettskrivingi, då dei skulde revidera henne er då heilt naturleg. Kva som skal vera ille med dette, skynar eg ikkje.

Ein polemisk parallell til: Dersom me skulde få ein ny diktator i Noreg som byrja å sitera Vinje sine språkpolitiske standpunkt, vil då Vinje sitt språksyn verta illegitimt? Slik kunde eg ha halde fram.

Gjennomgåande vil eg segja at dette heftet som Riksmålsforbundet med preses Lars Roar Langslet hev funne det for godt å gjeva ut, er eit samansurium av fordommar og billeg polemikk. Det er dimeir dårleg innbunde. Eg hev alt rokke å slita ut mitt eige næme. Limen i ryggen er like veik som skriftet sjølv. Det er å vona for Langslet og Forbundet sin part at dei skjerpar seg alvorleg til neste krossveg. For å halda fram i same banor som Vinje, kunde eg fylgja upp umtalen av Vinje som einsleg svalde med å segja til Forbundet at: Ei svalde gjer ingen sumar.

Målmannen er avhengig av folk som skriv høgnorsk. Kom gjerne med stykkje og innlegg til bladet!

Attende til: Målmannen, Natland stud. by S136, 5081 Bergen

Sluttordet:

Det krevst meir mod for å lida enn for å døy.

Napolean Bonaparte